

**Innspel og merknader til kommuneplanen sin
arealdel ved
1.gongs offentlig ettersyn,
28.09. – 20.03.2019.**

Rådmannen sine vurderingar og tilrådingar.

Gaupne, 28.03.2019.

FORTUN**01.10.2018 – Bente Hybertsen, dok. nr 103**

Viser dottera som eig 80% av Turtagrø hotell og ho sjølv som har hatt ansvar for drifta sia 2005. Familien brukar mykje tid på hotellet og ynskjer å kjøpa ei tomt som tidlegare er utskild frå hotellet. Tidlegare eigar fekk tomte skildt ut med mål om å byggja seg hytte/hus ved hotellet. I fyrste omgang skal det byggjast ei hytte, og kanskje etter kvart ei hytte nr 2.

Vurdering:

Den aktuelle tomte vart i frådelingssaka registrert med føremål «hytte/fritidsbustad» og kan etter rådmannen si vurdering nyttast til dette føremålet. Tomte vert i kart til arealdelen avsett som «byggeområde fritidsbustad». Tomte ligg i «*aktsemdsområde – utløpsområde for snøskred*». Farevurderingar og vurderingar knytt til naturmangfaldslova vert gjort i byggesaka.

Rådmannen si tilråding:

Gbnr 12/38 vert i KPA sin kartdel avsett til byggeområde fritidsbustad.

01.10.2018 – I.I. Fanaråk, dok. nr 105

I.I. Fanaråk har oversendt teikningar for servicebygget dei planelegg bygging av på Turtagrø.

Vurdering:

Tiltaket er utgreidd i Konsekvensutgreiing til KPA 2018. Byggeteikningar må leggjast ved ei evt byggesak etter KPA er vedteken
Det vert vist til merknad frå Statens Vegvesen jfr avkøyring. Luster kommune føreset at avkøyring vert lengst mogeleg unna krysset til RV55.

Rådmannen si tilråding:

Ingen merknader.

SKJOLDEN -**24.03.2014, Hafslo Bygg Service dok. nr 106**

Viser til Oddvar Røysi som ynskjer og vidareutvikla Skjolden Brygge si turistverksemd på Skjolden med å auka talet på gjesteovernattingar, Det vert vist til at han eig alt areal på austsida av sørside-vegen som er godt eigna til dette føremålet. Utbygging på bae sider av vegen vil gje eit godt tilpassa område som vert lett å drifta i sesongen.

I regulert område for Kaldnes syd TRV3 som er regulert til turistretta verksemd ynskjer han å utvikla motell. På kommunekart.no er det vist som friluftsområde. Spørsmålet er kva som er gjeldande føreseigner her.

Vurdering:

Delar av det omtalte område er eigd av Skjolden cruisekai AS. Resten er eigd av andre. I framlegg til KPA er delar av ein eigedom føreslått til byggeområde bustad. Vidare er står dette i framlegget under bustadstrategien for Skjolden / Fortun:

«Eidsbakkane kan fortettast. Som grunnlag for vidare utbygging i området må det utarbeidast reguleringsplan som m.a. omfattar vegløyser og tomteinndeling.»

Når det gjeld tiltak i område som er omfatta av reguleringsplan «Kaldnes syd» må dette skje i samsvar med reguleringsplan. Evt anna utnytting må handsamast som reguleringsendring.

Rådmannen si tilråding:

Området Eidsbakkane vert oppretthalde som bustadområde, med sikte på regulering til dette føremålet på seinare tidspunkt.

Bygging på TRV3 Kaldnes syd må byggjast i samsvar med reguleringsplanen. Evt anna utnytting av området må handsamast som reguleringsendring.

02.11.2018 – Olga og Harald Vatne, dok. nr 120/123

Dei viser til då Bolstadmoen 1 vart regulert vart nedre del av eigedomen deira regulert til friområde 7 friluftsområde. Årsaka var at Eidselva den gong var drikkevasskjelde for Skjolden. Det har seinare vorte erstatta med eige vassverk. Dei oppmodar om at arealet, som er fulldyrka, vert tilbakeført som jordbruksføremaal. Dei synest det er utriveleg å ha i utsikt at eigedomen kunne vera avskoren på den måten planen legg opp til.

Vurdering:

Det har kome framlegg om same saka tidlegare. I samband med regulering av Bolstadmoen øvre der friområdet «Lerkeskogen» vart omregulert til byggeområde bustad, vart det i PFV-sak 70/13 konkludert med at «*det er tilgjengelege nærliggjande friområde, regulerte og uregulerte, som stettar trongen også etter utbygging.*» Det vart her m.a. sikta til det aktuelle området ved Eidsvatnet.

Det er tilkomst til området frå veg ved Geitasva. Det er i tillegg planar om å etablera tursti langs Eidselvi. Ei evt omregulering til landbruk føreset at det vert funne eit nytt erstatningsareal for friluftsområde på Bolstadmoen.

Rådmannen si tilråding:

Det aktuelle området ved Eidsvatnet vert oppretthalde som friområde.

08.10.2018 – Kjersti Fjøsne, dok. nr. 109

Gjeld føresprunad om endra arealbruk av tomt på gbnr 27/5 på Fjøsne, frå LNF til fritidsføremaal.

Vurdering:

Den aktuelle tomta ligg inne i ein landbrukseigedom, like nedafor tunet. Tomta ligg i aktsemdsområde for skred i bratt terreng, og det er tidlegare gjennomført elveførebygging langs Saggrovi som eigedomen grensar inntil.

Det aktuelle området er no «produktiv skog», tidlegare overflatedyrka mark. Tilkomst er på felles veg. Generelt er det ikkje ei god løysing å skilja frå tomter midt inne i ein landbrukseigedom.

Rådmannen si tilråding:

Den aktuelle tomta vert oppretthalde som LNF-område.

09.11.2018 – Odd Arnold Hauge, dok. nr 140

Det har vore ein dialog rundt tilkomst til tomten og bruk av tomten til bustad slik det opprinneleg var tenkt. Det er som kjent reist ein grunnmur på tomten på 1940- talet. Då kommunen seinare eksproprierte ein stor del av tomten til veg / snuplass vart det meir komplisert å få til ei god løysing for å utnytta tomta. Dei har informert kommunen om at dersom dei skal selja det arealet som ikkje vart brukt til veg/snuplass, må dette gå tilbake til tomten det vart ekspropriert frå. Det tyder at dei ynskjer å kjøpa arealet, dersom kommunen vil selja. Dei ynskjer at tomta skal disponerast til bustadbygging, og at dei ynskjer tilkomst til tomta over areal kommunen disponerer. Dei meiner det er fullt mogeleg å rassikra tomta.

Vurdering:

Tomt i dødsbu og tiltaket vart også spelt inn ved oppstart og vart då handsama slik:
Tomt som er matrikulert og grensar mot regulert bustadområde.

Sjekkliste viser at det er vesentleg konflikt med samfunnstryggleik – rasfare. NVE-rapport 30/2015 har gjort vurderingar av området og skriv: «*Langs Raudehellaren, ned til Eidsvatnet, er det en del sva og mange skrenter. Ved feltarbeid observerte vi ferske blokker ovenfor husene ved Geitasva og et stykke nordover mot Tolvthammaren.*»

Rådmannen har munnlege opplysingar om at tomte ikkje vart teke med i reguleringsplan Bolstad, Plan-Id 1426-1978002, med bakgrunn i rasfaren i området. Med bakgrunn i dette er etablering av bustad i det aktuelle område vurdert å ha store negative konsekvensar for samfunnsinteresser.

Rådmannen si tilråding:

Den aktuelle tomte vert oppretthalde som LNF-område.

LUSTER

25.10.2018 Advokatfirma Tollefsen, dok. nr. 115

Innspelet er sendt på vegne av arvingar etter Ingvald Nordenberg Martens d.15.09.2018. Han eigde og var busett på gbnr 30/4 Kvåle i Luster. Arvingane er usikre på om dei skal selja garden. Dei ynskjer i denne samanheng å få frådelt ein parsell av eiegen til bustadføremål. Dei ynskjer ein dialog med kommunen for å finna tomt som kan frådelast jr omsyn til ulikt regelverk. Aktuell storleik er 0,5 – 1 daa i denne prioriterte rekkefylgja: Kjempeneset (ved Solstrand) – vis-a-vis hovudhuset – eller ved avkøytinga frå RV 55 / evt mot sjøen frå hovudhuset.

Vurdering:

Det vert vist til sak i samband med avhending av eiegen.

13.11.2018 – Charlotte Alme Bringne m.fl. , dok. nr 151

Sentrum

Viser til oppstart av anleggsarbeid og spør kvifor det ikkje omfattar området fram til skulen.

Næring

I dag er det lite tilrettelagt for næringsstomter i bygda Luster. Dette bør vera med i ein arealplan for auka nærings- og grundervirksomhet i fleire delar av kommunen.

Landbrukstilkomst

Viser til oppgraderingar av tilkomst/veg som vert brukt i jordbruksvirksomhet.

Friområde

Viktig å regulera tomte brannstasjon/tannlegebygg med tanke på allmenn og friluftsliv bør komma med i planane. Må ikkje verta privat.

Vurdering:

Oppgradering sentrum; grunna kostnader må arbeidet skje etappevis. Det er gjort vurderingar på etappeinndeling og det er vurdert slik at området ved gravplassen er nr 1. Opparbeidinga skal utførast i samsvar med vedteken reguleringsplan under føresetnad av løyvingar i økonomiplanen.

Rådmannen legg til grunn at det er avsett næringsareal både i Luster og på Markstein

Landbruksvegar: dette er privat tiltak det kan søkjast om tilskot til.

Reguleringsplan Sva-bui – Døsen: regulering av brannstasjonstomte vert del av ny reguleringsplan for området. Er planlagt oppstarta i 2019 og bruk av tomte vert teke opp og avklart då.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen tek merknadene til orientering.

NES - HØYHEIMSVIK

01.10.2018 – Marita Josvanger Elvagjeng og Eirik H. Winge, dok. nr. 102

Viser til at dei har ei tomt som tidlegare er utskild frå anna eigedom. Tomta ligg ved eigedomen «Urdu» som er regulert til spesialområde bevaring. Dei ynskjer no å byggja einebustad på tomte.

Vurdering:

Den aktuelle tomte vart i frådelingssaka registrert med føremål «bustad» og kan etter rådmannen si vurdering nyttast til dette føremålet. Tomte vert i kart til arealdelen avsett som «byggeområde fritidsbustad».

Farevurderingar og vurderingar knytt til naturmangfaldslova vert gjort i byggesaka.

Rådmannen si tilråding:

Gbnr 12/38 vert i KPA sin kartdel avsett til byggeområde bustad.

09.11.2018, Nes og Høyheimsvik bygdelaq, dok nr 135

Har fylgjande merknader:

Gang og sykkelveg: dei er uroa over manglande trafikktrygging langs RV55 og peikar i dette høvet på strekninga Viki Camping og Luster Fukt og Grønt og vidare til Fagernes.

Kryssingspunkt på Nes: vegggruppa viser til arbeid med reguleringsplan og behovet for trygg kryssing. styret i bygdelaqet støttar vegggruppa sitt innspel jfr reguleringsplan.

Grøntområde / friområde i Høyheimsvik: Delar av ballbana er regulert til bustadområde. Dei ynskjer at denne vert omgjort til friområde.

Vurdering:

Endra føremål frå bustad til friområde må takast som reguleringsendring og må spelast inn jfr planleggingsprogrammet.

Busstopp for skulebarn i Høyheimsvik: reguleringsplanen har lagt til rette for nye busstopp i bae retningar og parkering. Opparbeiding av busstopp har til no ikkje vore prioritert.

Når det gjeld trafikktrygging på Nes vert det vist til pågåande arbeid med reguleringsplan.

GAUPNE**Overordna vurdering hyttebygging i Engjadals-området****Vurdering:**

I samband med kommuneplanarbeidet er det kome innspel på å setja av areal til i alt 6 hytter fordelt på 4 teigar i Engjadalsområdet.

Engjadalen er eit større samanhengande landbruksområde og ber preg av ei sterk teigdeling med mange smale og lange teigar (linjer) som vert nytta til slått og beite for sau og storfe. Området er av dei dei viktigaste beiteområda i kommunen, og er også viktig område for fôrproduksjon til bønder i Gaupne.

Kommunestyret har fastsatt føringar for hytteområde i arealdelen (K-sak 48/13):

- a. Bærekraftig hyttebygging skal i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging.
- b. Hyttebygging bør i hovudsak skje utanfor jordbruksareal eller areal der det er konflikt med beiteinteresser.

I KPA sine retningslinjer for spreidd hyttebygging er fylgjande lagt til grunn:

- Tiltaket omfattar inntil 1 hytte
- Tiltaket, inkludert vegtilkomst, skal ikkje medføre vesentleg tap av dyrka jord

- *Tomt, bygningar og tilkomstveg skal plasserast og utformast slik at det ikkje fører til vesentlege ulemper for landbruksdrift eller annan næring*
- *Det må dokumenterast godkjent og forsvarleg løysing for vassforsyning og avløp*
- *Tomter skal ikkje frådelast nærare enn 30 meter frå vassdrag*

Engjadalsområdet er også eit viktig heilårs utfartsområde både lokalt og regionalt. Det har i seinare år vorte bygd landbruksveggar i området som har gjort det lettare tilgjengeleg m.o.t. friluftsliv og rekreasjon. Dette kan vera medverkande til at fleire ynskjer å dela frå hyttetomter til familiemedlemer/venner.

Eit spreidd utbyggingsmønsteret i vegnære område kan på sikt medføra utfordringar for landbruket og hindra ei god styring på utbygginga og meir heilskaplege løysingar. Ei utfordring er m.a. avrenning frå hytter og ureining av drikkevatt. Med reguleringsplan for heile området vil ein oppnå betre utnytting av areala og finna felles løysingar på veg, vatn og kloakk. Ein reguleringsplan for eit avgrensa område vil betre sikra interessene til både landbruk og friluftsliv.

Hyttebygging jfr plan

I 2015 vart det i Kommuneplanen sin arealdel avsett eit område for regulering av hyttetomter i Steinkjelen. Arbeid her er enno ikkje sett i gang. Hyttebygging i eit sentralt landbruksområde som Engjadalen bør som hovudregel skje etter ein samla plan. Rådmannen oppmodar difor grunneigarar i området til å avklara og fremja eit område for felles utbygging.

I si fråsegn til KPA uttalar rår fylkesmannen til at områda H3 og H4 vert trekt ut av planen og vektlegg m.a. fylgjande:

- hyttebygging på areal klassifisert som dyrka jord og innmarksbeite
- arealbruken er i strid med jordvernstrategien for fylket, der det står at hyttebygging skal styrast til udyrka areal og ikkje kome i konflikt med beiteinteresser og kulturlandskap
- Endra arealbruk vil ytterlegare fragmentere jordbruksområdet, og kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket.

Dei meiner hyttebygging bør styrast til Steinkjelen.

Ved å opna opp for mange enkeltsaker kan dette skapa presedens for framtidige søknader.

Rådmannen meiner også at det kan tilretteleggjast for ei viss utbygging, men i regulert felt. Då må fleire grunneigarar samla seg om eit område som ikkje kjem i konflikt med nærings- og ålmenne interesser. Rådmannen fremjar difor forslag om at eit område rundt Havåsen / Snerpehaugen vert avsett til byggeområde for fritidsbustader. Området er ikkje i konflikt med landbruks- og fritidsinteresser jfr rådmannen sine vurderingar. Det ligg i sameige og det er traktorveg fram til området. Det må utarbeidsast reguleringsplan for området.

29.10.2018 Peder Nundal / Odd Atle Stegegjerdet, dok. nr. 116 og 117

Viser til innspel frå november 2017 vedrørande bygging av hytte på eigedomen og at innspelet er avvist med bakgrunn i flaumfare ved nærliggjande bekk.

Vurdering:

Viser til overordna vurderingar for Engjadalsområdet. I tillegg har rådmannen fylgjande vurderingar til denne saka:

Kommunane har seinare år fått sterkare føringar på arbeidet med farevurderingar i tilknytning til byggeområde. Endringar i klima gjer at nedbørsmengdene aukar både i omfang og intensitet. Område der ein «aldri» tidlegare har opplevd flaum ligg no midt i flaumområde. Talet på skader på

bygningar, eigedomar og infrastruktur aukar. Kommunane er i større grad pålagt eit «førevar»-prinsipp enn tidlegare.

I NVE sin rettleiar 2/2011 Flaum - og skredfare i arealplanar gjeld «byggegrense på minst 20 m frå bekker med mindre nedslagsfelt enn 20 km²». Bekken strekkjer seg vel 1 km oppover mot fjellet og har eit større tilsigsområde.

I framtida kan ein forventa auka nedbør jfr dagens situasjon. Eks sørpeskred – sjå faktaark NVE. Tilsende foto er ikkje god nok dokumentasjon på at området ikkje er utsett for flaumskader. Tvert i mot.

Rådmannen si tilråding:

Det aktuelle området vert oppretthalde som LNF-område.

08.11.2018 – Ketil Ekrene, dok. nr. 128

Han ønskjer omdisponering av vel 1 daa LNF-område areal til fritidsføremål på gbnr 82/3, til to hyttetomter på Ris i Engjadalen. Det aktuelle området vert i dag nytta som beiteareal for sau.

Bakgrunn for søknaden er generasjonsskifte på bruket og i kjøpekontrakt er det teke inn at syskena hans skal ha rett til å få utskilt kvar si hyttetomt på eigedomen.

Vurdering:

Teigen på vel 11 daa er registrert som overflatedyrka og område som skal skiljast frå er vel 1 daa og grensar til sameiga. Etter bygging av ny landbruksveg er det køyreveg til eigedomen. I Luster kommune sine retningslinjer står det at det ikkje bør frådelast / byggjast i m.a. på overflatedyrka mark og samanhengjande innmarksbeite.

Eigarskifte og private avtalar gjev ikkje rett til utbygging. Rådmannen legg til grunn at hyttebygging i Engjadalsområdet bør skje ut frå ein samla plan og ikkje som spreidd utbygging.

Rådmannen si tilråding:

Det aktuelle området vert oppretthalde som LNF-område.

05.11.2018, Gisle Haugen, dok. nr. 124

Viser til at 9 daa av hans eigedom gbnr 85/1 er utlagd til framtidig byggjeområde bustader. Dette er den beste og flataste dyrka jorda i kommunen, jord som har utbygd vatningsanlegg og er ein del av den jorda som ligg nærast tunet og driftsbygning. Det har nyleg vore generasjonsskifte (overtok i 2017).

Det vert vist til brev frå landbruks- og matministeren av 01.10.18 der det vert lagt vekt på jordvern målet og ansvaret som kommunen har for god planlegging; *“Av hensyn til beredskap, bosetting, sysselsetting/verdiskaping, kulturlandskap og andre miljøverdier, skal vi drive jordbruk i hele landet. Det er derfor et mål å bevare jorda i alle regioner. Dersom en må veie jordressursen mot andre hensyn, skal den verdsettes eller klassifiseres. Jordsmonn og klimasone er sentralt for å vurdere jordkvalitet og produksjonspotensiale. I tillegg må det vurderes om arealet er lettdrevet ut fra arrondering, størrelse og tilgjengelighet, og om det er en del av et større, sammenhengende jordbruksareal. Det skal også legges vekt på drifts- og miljømessige forhold for gjenværende jordbruk».*

Det vert hevda at planframlegget er i strid med desse retningslinjene, og viser til fleire punkt som ikkje er vurdert i KU. Desse er:

1. Det er fulldyrka, lettdrive jord.
2. Det er jord med kvalitet i gardskart (NIBIO) vurdert som svært god kvalitet som er høgaste klasse (sjå kartutsnitt)
3. Området har herdigheitssone/klimasone 4 som er det høgaste me har i kommunen.

4. Det er eit lettdreve areal ut i frå arrondering og tilgjengelegheit.
5. Det er ein del av eit større, samanhengande jordbruksareal.
6. Utbygging vil medføre ulemper for både drifts- og miljømessige forhold for gjenverande jordbruk.

På 90-talet tok Luster kommune den delen av flat og fulldyrka jord som låg på sørsida av vegen. Dette svekka grunnlaget for mjølkeproduksjon. Dåverande eigar retta då ein førespurnad til kommunen om å løysa inn heile garden slik at det kunne vera råd å etablere seg anna stad. Kommunen svara ikkje på dette.

Det vert vist til generell formangel i kommunen. På garden vert det produsert fôr til to andre gardar. Dersom garden misser 9 daa må han kutta ut levering til ein av gardane han leverer til. Dette vil igjen føra til at dei må redusere talet på husdyr. Med bakgrunn i dette ber han om at denne delen av garden med størst jordverdi får liggja ubygd.

Vurdering:

Luster kommune mottok brevet vel ei veke etter at planen vart lagt ut til offentleg ettersyn. Dette er medverkande til at dei nemnde momenta ikkje er med i planen sin KU.

Arealet inngår i ei totalvurdering av framtidige utbyggingsområde i Gaupne sentrum. Rådmannen vektlegg å finna løysingar

Utfordringane i Gaupne m.o.t. byggeområde er både rasfare, flaumfare og dyrka mark.

Rådmannen si tilråding:

X daa av gbnr 85/1 vert avsett til byggeområde bustader.

Vurderingar - Bustadbygging i Gaupne:

I 2015 vart fylgjande strategi lagt til grunn for bustadbygging i Gaupne 2014 - 2025:

- Konsentrert bustadbygging og fortetting i Gaupne
- Bygging av nye utleigebustader i Gaupne
- Bygging av leilighetsbygg med variert storleik og standard

Det vart lagt til grunn eit behov på 16 bueiningar pr år.

Av dei høgast prioriterte områda er Verket 2 og Bruflat 1 under utbygging/utbygd, **Salen** er uviss då privat utbyggar har hand om arealet. Dette er pr i dag einaste området med einebustadtomter.

Det er no gjort grep slik at Bruflat treningsfelt kan omregulerast til bustadføremål og at Grandmo AS vert omfatta av same planen.

Gaupne har eit behov på 192 bueiningar i perioden 2019 – 2030. Inkludert Marifjøra og fortetting er ein nesten i balanse.

NVE har nyleg kome med nye forventningar til kommunen sitt planarbeid jfr flaumutsette område i Gaupne. Dette inneber ny kartlegging for å avdekke flaumutsette område og fastsetjing av sikker byggehøgde i samsvar med tryggleikskrava i byggt teknisk forskrift (TEK17). Det er ein høgst uviss situasjon på framtidig byggeareal. Med bakgrunn i dette bør området Grindane oppretthaldast då dette er av dei meir flaumsikre områda.

Byggeområde bustader Gaupne					
Område	Daa	Utbyggingsrekkefylgje	Bueiningar pr. daa	Planoppfylgging	Sum bueiningar
Bruflat treningsfelt / Grandmo AS	20 4	1	2 4	Omregulering	40 16
Marifjøra/Marheim	16*		1	Regulering	15
Grindane 1	13	2	2,5	Regulering	40

Haugen	9	3	2,5	Regulering	22
Fortetting Gaupne sentrum	15			Omregulering (privat)	20
Sum	77				153
Grindane 2	23		2,5	Regulering	55
Sum	100				208

*planlegging her skal skje parallelt med Bruflat / Grandmo og inngår ikkje i rekkefylgjekravet.

Område regulert / opparbeidd til bustadbygging i Gaupne					
Område	Daa	Utbyggingsrekkefylgje	Bueiningar pr. daa	Planoppfylgning	Sum bueiningar
Verket 2	35	1	2	Byggestart 2018	40 (av 66)
Salen	9,5	2	0,6	Byggestart (uvisst)	6
Sum	44,5				46

Med bakgrunn i den usikre situasjonen knytt til flaumsoner i Gaupne vert Grindane 2 oppretthalde som byggeområde bustader, men er ikkje teke inn i utbyggingsrekkefylgja. Marifjøre supplerer Gaupne m.o.t. einebustader. Utbygging av Vinda må sjåast i ljøs av investeringar i Marifjøre. Jfr erfaring kan ein forventa ei fortetting i privat regi. Denne er rekna til totalt 20 bueiningar i planperioden. Pr februar 2019 er det ledig vel 40 bueiningar på Verket 2. I stadanalysen for Gaupne er det lagt til grunn ei fortetting i sentrum med bygging av leilegheiter over forretningsbygga og evt over parkeringsareal. Kommunen si rolle i ei slik utbygging er som grunneigar og tilretteleggar i tilfelle private utbyggjarar melder si interesse for slik utbygging.

Flaumsonekartlegging – Gaupne

Med bakgrunn i krav om nye flaumsonekart for Gaupne er det no uvisst kva krav kommunen kan få jfr flaumsikring. **Det avgjerande spørsmålet vert om kommunen skal ta sjansen på at det «løyser seg» - eller ein skal leggja inn reservar?**

15.11.2018, Tide - Sogn, dok nr 154

Tide Sogn reagerer på at Gaupne bygdelag påstår at bussen utgjer ein fare for barn på veg til/frå skulen. Bussjåførane opplever dette som ei trakassering. Dei viser til at det ikkje er rapportert om farlege situasjonar og viser til rapport frå Trygg Trafikk.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg merknadane.

12.11.2018, Gaupne Bygdalag, dok nr 148

Bustadområde: Meiner det vert bygd for mange leilegheiter og meiner det må leggjast meir til rette for tomter til einebustader i Gaupne, m.a. for å trekkja til seg yngre tilflyttarar. Luster kommune bør t.d. sjå på fortetting, og Røneid og området over Flattumyri vurderast i KPA.

Næringsareal: Luster kommune bør for framtida pålegge aktivitet for dei som blir tildelt næringsareal jfr manglande aktivitet i næringsbygg. Luster kommune må legge føringar til dei som får tildelt kommunalt opparbeidd næringsareal og korleis handtera den miljømessige sida (skrot og boss). Sentrumsområde Etterlyser meir engasjement kring «Stadanalysen for Gaupne». Kommunen må bruka den som eit verktøy for framtidig utvikling av kommunesenteret, og engasjera lokalsamfunnet. Meiner det må gjerast noko med trafikksituasjonen i sentrum m.a. Øyagata må snarleg opprustast. Ber også om at kommunen snarleg gjer grep og flyttar dagens bussparkering ved Pyramiden til nedsida av fv 55. Dagens situasjon skapar dagleg farlege situasjonar for alle borna som går til og frå skulen.

Landbruksområde og jordvern: Legg vekt på eit aktivt landbruk i bygda og føreseieleg vilkår for unge brukarar. Gaupne bygdalag ber kommunen om å gjere ei vurdering av eksisterande bruk i Gaupne, med tanke på at ein sikrar jordvernet til dei yngre brukarane som ønskjer å satse på ei framtid innan landbruket.

Friluftsliv: Gaupne bygdalag ber om at ein legg til rette for opparbeiding av turstiar langs strand- og elvesona både på Røneid og Gaupnesida.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg merknadane.

MARIFJØRA

23.11.2018, Aasmund Eikum Roterud, dok nr 161

Søker å få avsett areal i fjorden ved gbnr 106/1 med sikte på naustbygging

Vurdering:

Arealet ligg i sjø og ligg tett inntil FV 336 på ein strekning på vel 130 meter. Eigar av veggrunn er Statens vegvesen. Tiltaket føreset utfylling i fjorden. Det er ikkje noko landareal på nedsida av vegen på strekninga. Med bakgrunn i eigedoms- og trafikkforholda vert tiltaket frårådd.

Rådmannen si tilråding:

Området vert oppretthalde som LNF-område / sjøareal, og vert ikkje konsekvensutgreidd

INDRE HAFSLO

11.10.2018, Norvald Røneid, dok. nr. 111

Påpeikar feil i KU-vurderingane. Rett opplysingar er: «Den aktuelle tomte har felles avkøyring frå kommunal veg, påkopling til kommunalt vassverk. Kloakk; mini-reinseanlegg er omsøkt.»

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg merknaden

18.10.2018, Per Tore Molland, dok. nr. 111

Etterlyser KU for Lundshaugen 2. Viser til vedtak i kommunestyret i desember 2017 om at ein skulle gå for dette, med oppstart i 2019.

Vurdering:

KU for Lundshaugen har diverre «falle ut». Det er laga KU som er sendt på avgrensa høyring. Rådmannen legg til grunn at Lundshaugen 2 vart lagt inn i planleggingsprogrammet fyrste gong i 2016, og at det bør vera med i KPA.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg merknaden

06.11.2018 Luster kommune, dok. nr. 126

Det føreligg avtale mellom Luster kommune og Arne Lad – eigar av gbnr 128/1 om kjøp av eit areal på Krossen som skal nyttast til parkeringsplass.

Vurdering:

Talet på turgåarar til Molden er sterkt aukande og det er ofte fullt på eksisterande parkeringsplass. Det trengst difor utviding av talet på p-plassar. Kommunen og grunneigar Arne Lad har inngått avtale om at kommunen kjøper areal på sørsida av vegen til ny p-plass. Arealet er registrert som «produktiv skog». Det er ingen registreringar av særskilde artar.

Rådmannen si tilråding:

Arealet vert avsett i KPA – plankartet – samferdselsanlegg – parkering.

08.11.2018 – Ketil Melheim, dok. nr. 129

Gjeld bustadbygging Indre Hafslo

Han meiner at bustadbygging må skje på areal med liten landbruksverdi, som er godt plassert og lite konfliktfyllt. Han stussar over argumentasjonen som er nytta om å ta ut område, og viser til område Lambhaug og Josvanger. Vinda og Lambhaug er ikkje ynskt frå grunneigarane og viser til den dårlege framdrifta på Vinda, og meiner at kommunen ikkje er i stand til å dekkja behovet korkje på kort eller mellomlang sikt. Han er også usamd om behovet på 3 bueiningar pr år. Han meiner at føreslått areal på Lambhaug og Josvanger er godt eignaleg til bustader.

Vurdering:

Områda som vert peika på har tidlegare ikkje vore inne i planen. Dette er nye framlegg. Det er berre Vinda som har ligg inne i KPA pr i dag (lagt inn i 2015). Området på Lambhaug ligg inne i høyringsframlegget

Rådmannen si tilråding:

Tek det til orientering.

08.11.2018, FAU v/ Indre Hafslo Oppvekstsenter, dok. nr. 129

Dei er nøgd med at kommunen tek grep om det etablerte uteområdet ved oppvekstsenteret nemnt som «Område for leik/aktivitetar». Det vert vist til bruken av området og verdien det har for både barnehage og skule. Men det har sine begrensingar jfr at det er i privat eige. Dei kan ikkje etablere faste installasjonar, dei kan ikkje etablere sambruk med lokale organsisajonar. Dei meiner området bør ha føremål «offentleg / privat tenesteyting» slik at dei kan få friare tøyler til å utvikla området til det potensialet det har.

Vurdering:

Det aktuelle området vart lagt inn i KPA i 2015, etter innspel frå leiar ved oppvekstsenteret og avsett til «grøntstruktur – friområde»

Bakgrunnen var at skulen hadde hatt avtale på bruk av området i nokre år og ynskte å utvikla området for meir permanent bruk. Med bakgrunn i fokus på auka fysisk aktivitet for barn og unge var dette i samsvar med prioriterte oppgåver i kommunen. Området vart avsett til det nemnde føremålet som også gjev heimel til innløyising av arealet.

Rådmannen si tilråding:

Tiltaket må fylgjast opp gjennom grunnkjøp evt. gjennom regulering.

27.11.2018, Thomas Kjørlaug, dok nr 162

Meiner at gatelys forbi Solvi har fyrsteprioritet jfr gatelys på Joranger. Vektlegg at utområdet ved Indre Hafslo oppvekstsenter framleis skal nyttast til beite og at ungane kan leika her. Oppvekstsenteret får vera glad til at dei får leiga området.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg merknadane.

09.11.2018, Silje Vinda og Kjell Ø Ruud, dok nr 134

Dei tek opp feil / manglar i plandokumentet knytt til bustadbygging i området Vinda og Lundshaugen. Dei ynskjer ikkje utbygging på sin eigedom slik planframlegget viser i dag. Arealet er for stort, det tek ikkje omsyn til bebyggelse på garden og vil ha store negative konsekvensar for dei.

Dei stiller spørsmål ved kvifor Lundshaugen II med i oversynet? Det er også feil i tal daa og talet på bueiningar.

Dei viser til telefon med kommunen der dei har sagt dei ynskjer å gå i dialog med kommunen for å finna gode løysingar for både partar. Dei ynskjer ei avklaring på situasjonen då tilhøva no er prega av usikkerheit kring kommunen sine planar.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg merknadane.

Avgrensing som vist i plankart er ikkje endeleg – men den gjev ytre rammer. Ved oppstart av reguleringsplan vert den endelege grensa sett og kan då verta endra – dvs innskrenka og at det då vert lagt opp til ei avgrensing mot gardstunet.

Rådmannen legg til grunn at Lundshaugen II vert utgreidd i samband med 2. gongs off. ettersyn.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg merknadene. Tunet vert trekt ut av planområdet.

09.11.2018, Anette Melheim Kjos, dok. nr. 138

Viser til område for massedeponering på Indre Hafslo – nær gamle bossplassen. Det er nær området det er aktuelt for bustadbygging på deira eigedom. Ho ber om at dette deponiet ikkje hindrar tomtefrådeling.

Vurdering:

Det aktuelle området for massedeponering vart sett av i KPA i 2015. Aktuell masse er overskotsmasse frå byggeprosjekt som jord og stein. Dette skal ikkje ha innverknad på evt bustadbygging på andre sia av vegen.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg merknaden.

09.11.2018, Indre Hafslo Ungdomslag, dok. nr. 129

Indre Hafslo bygde- og ungdomslag vil påpeike at det til ein kvar tid må vera tomtar tilgjengeleg på indre Hafslo. Samtidig meiner dei at kommunen ikkje må leggja avgrensingar på private tomtar og spreidd bustadbygging. Det er fleire som er interesserte i å bygga utanfor byggefelt, og der har indre Hafslo fleire område som kan vera aktuelle.

Vurdering:

Rådmannen legg til grunn at det kan leggjast til rette for privat bustadbygging og at det då ikkje trengst kommunal utbygging.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg synspunkta.

12.11.2018, Per Tore Molland, dok. nr. 143

Kommunen må sikra seg uteområdet ved Indre Hafslo oppvekstsenter. Dette for å få gjerde inn området slik at husdyr og folk er på kvar si side av området. Så slepp ein å vasse i sauemøk og for å unngå at dyr skadar seg.

Vurdering:

Området er avsett i KPA for 2015. Rådmannen vurderer aktuelle løysingar.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg synspunkta.

18.02.2019, Katrin Moe, dok. nr. 170

Ynskjer å få avsett tomt på gbnr 159/1 i Mollandsmarki til kombinert bustad / næring. Verksemda vil samarbeida med andre lokale bedrifter innanfor reiseliv, aktivitetar, terapi, plantedyrking osv.

Vurdering:

Området er fulldyrka slåttemark og ligg i utkant av eigedomen i merke med grendehuset, fylkesvegen og naboeigedom. Tomta skal nyttast både til bustad og næring i samband med etablert yogaverksemd. Ein del av tomta skal nyttast til matproduksjon knytt til næring. Område på same eigedom som i 2008 vart avsett til byggeområde hytter er no trekt ut av arealdelen. Rådmannen ser verdien av at nokon vil etablere seg med bustad og næring i Mollandsmarki, og at dette stimulerer andre til å busetja seg i grenda. Dersom lokale kan dra meir vekslar på den aukande turtrafikken på Molden, ved å tilby nye aktivitetar.

Rådmannen si tilråding:

Den aktuelle tomta vert avsett til kombinert bustad/ næring jfr plbl §11-7 nr 5b.

HAFSLO

05.11.2018, Jan Arne Finstad, dok. nr. 108

Søker om fradeling av eldre bustadhus. Huset var fram til 1996 frådelt til gbnr 153/13, men vart då lagt til gbnr 153/7. Bustaden er kopla til kommunalt VVA.

Vurdering:

Bustadhuset ligg nær Solvivegen. Med bakgrunn i at det tidlegare har vore ein sjølvstendig matrikulert eigedom har ikkje rådmannen avgjerande moment til at den på ny vert frådelt.

Rådmannen si tilråding:

Den aktuelle tomta vist i kartvedlegg vert avsett som byggeområde bustad i kart til KPA og handsama som fradelingsak.

06.11.2018, Aud Karin Nondal, dok. nr. 127

Viser til hytte som vart oppført på 1970-talet på hennar eigedom, av onkelen. Den tid var hennar far eigar av eigedomen og det førelåg avtale mellom brødrene om oppføring av hytta. Hytta er ikkje fråskild med eige gbnr. Ho ynskjer no å skilja ut hytta som eige gbnr slik at tanta vert ståande som eigar.

Vurdering:

Hytta ligg inne i tunet og med felles tilkomstveg. Rådmannen meiner oppretting av ein eigedom inne i eit gardstun er uheldig og at det på sikt kan føra til ein krevjande situasjon for landbruksdrifta.

Rådmannen si tilråding:

Den omsøkte tomta vert oppretthalde som LNF-område.

12.11.2018 Jostein Sterri Valla, dok. nr. 150

Viser til innspel til arealdelen og etterlyser det i dokument.

Merknad: Innspelet vart avvist i fyrste rund. Han ynskjer no å få lagt inn 4 tomter/bueiningar på eigedomen like bak hus på gbnr 154/16, for å byggja tomannsbustad til utleige og selja to tomter som grunnlag for finansiering.

Vurdering:

I KPA 2015 ligg det inne fleire område på Hafslo som ikkje er regulert. Kapasiteten er svært god – både på område som er avsett i tidlegare KPA, regulerte område og regulert/opparbeidde område. Dersom nye område med dyrka mark skal takast inn, må det vurderast om andre område i gjedande plan skal takast ut. T.d. Prestegarden. Dette er noko som sannsynleg vis bør gjerast ved neste revisjon.

I det aktuelle området ligg det ei gravrøys som er automatisk freda kulturminne. Det er relativt bratt i området og dette kan gjera det vansk

Gang- og sykkelveg stoppar vel 250 meter frå aktuell tilkomstveg. Ved bygging av 4 bueiningar føreset dette utarbeiding av reguleringsplan. Ved ein evt regulering kan det fastsetjast rekkefylgjekrav på opparbeiding av gang- og sykkelveg og tilkobling til kommunalt vatn og avlaupsanlegg.

Rådmannen si tilråding:

Tiltaket vert ikkje KU-utgreidd. Det aktuelle området vert oppretthalde som LNF-område

14.11.2018, Opplysningsvesenets Fond, dok nr 153

Ynskjer å få avsett eit område ved Hafslovatnet til naustbygging. Området ligg omkransa av dyrka mark og tilkomst må skje over marka. Evt tilkomstveg bryt opp eit område med dyrka mark. Nausttrekkja er på vel 50 meter og utgjer vel 0,5 daa i tillegg kjem parkeringsplass.

Vurdering:

I 2004 fekk Opplysningsvesenets fond skilt ut 6 nausttomter på eigedomene litt lenger inne ved vatnet. Ei tomt vart skilt ut i 2013. Det er ikkje bygd naust på nokon av tomtene. Med bakgrunn i dette kan ein ikkje sjå at behovet er så stort og at det bør byggjast på eksisterande tomter før nye vert skilt ut.

Dyrka mark: Med bygging av tilkomstveg over dyrka mark vil ein bryta opp eit samanhengande landbruksområde og gjera det vanskeleg for slåttene av teigane som vil grensa til vegen.

Tilråding

Området vert oppretthalde som LNF-område. Tiltaket vert ikkje konsekvensutgreidd.

12.11.2018, Claus Moe, dok nr 146

Viser til planar for Billagstomta på Hafslo. Han viser til at han er ein av få heiltidsbønder på Hafslo og at arealet hans grensar til billagstomta. Dette er fulldyrka mark som er viktig for drifta. Han viser til samsunnsdelen der det m.a. står at areal som er eigna for matproduksjon skal sikrast. Han viser også til at det er mykje ledig tomteareal avsett i arealdelen. Kommunen bør heller leggja vekt på å etablera ein velfungerande busshaldeplass med bruktbuikk og returastasjon.

Vurdering:

Luster kommune skal i 2019 starta arbeidet med ein områdeplan for Hafslo. Rådmannen legg til grunn at framtidig bruk av billagstomta og kringliggjande areal vert tema i denne planen.

Tilråding

Rådmannen noterer seg merknadane.

09.11.2018, Haukeland sjukehus v/ Siri Kathrine Sterri, dok. nr. 141

Ynskjer å dela frå to tomter til fritidshus frå to eigedomar; 148/7 ligg ved Berrsetno og 140/11 nær Osen ved Hafslovatnet.

Vurdering:

Kommunestyret har fastsatt føringar hytteområde i arealdelen (K-sak 48/13):

- a. Bærekraftig hyttebygging skal i hovudsak konsentrerast i hyttefelt framfor spreidd utbygging.
- b. Hyttebygging bør i hovudsak skje utanfor jordbruksareal eller areal der det er konflikt med beiteinteresser.

Tomta på Bessetno ligg oppe i ein bakke utan vegtilkomst og ca 400 meter i frå eit større område avsett til hyttebygging. Berrsetno er eit viktig beiteområde og vert framleis nytta som stølsområde. Med bakgrunn i landbruksdrifta og nærheita til eit planlagd hyttefelt vert tiltaket frårådd. Viser også til «Føringar for arealdelen» der hyttebygging i felt skal prioriterast.

Tomta ved Hafslovatnet føreset avkøyring til området er frå Rv55 i Osen i retning Simosete. Vegen er bygd som skogsveg. Avkøyringa til RV55 er svært uoversiktleg og trafikkfarleg. Det vert m.a. vist til Statens Vegvesen sin uttale der dei føreset at fritidshus og hytter får tilkomst som stettar krava i vegnormalane. Det er ynskjeleg med tomt så nær vatnet som råd. Kommunen sine retningslinjer tilseier ein byggeavstand på minst 30 meter frå vassdrag. Med bakgrunn i dette vert hyttebygging med tilkomstveg frå Osen ved Hafslovatnet frårådd.

Rådmannen si tilråding:

Dei aktuelle tomtene vert oppretthalde som LNF-område.

VEITASTROND

06.01.2019, Richard Nes, dok. nr. 167

Richard Nes skal i gang med utviding av butikk og bustad på Veitastrond. Dei har gjort avtale med nabo om kjøp av areal på vel 1 daa. Planane er desse:

- Utviding av lager og nytt kjølerom
- Garasje og bod bak lagerdel
- Forlenga heile bygget med 2. og 3 etasje over lager og garasje til utvida bustadareal
- Nytt areal på baksida av butikken til hage som er viktig for dei jfr bukvalitet og langsiktighet i drifta.

Vurdering:

Rådmannen legg vekt på at det må skapast gode vilkår for langsiktig drift av butikken på Veitastrond. Av arealet på 1 daa er 0,8 daa fulldyrka mark. Men med bakgrunn i arrondering jfr utvida tomt er andre løysingar vanskeleg.

Reduksjon av arealet til seljar inneber at det ikkje lenger buplikt på eigedomen jfr arealkrav. Det vert utarbeidd KU for tiltaket.

Rådmannen si tilråding:

Den omsøkte tomta vert avsett som kombinert føremål byggeareal for næring og bustad. Saka vert handsama som dispensasjonssak.

07.12.2018, Paroc Panel System v/ Oddvar Yndesdal -, dok nr 163, 165, 166

Han er usamd med kommunen sine vurderingar jfr plassering av byggeområde for fritidsbustader i Yngsdalen jfr sitt innspel. M.a. gjeld dette tilpassing i terrenget, synlegheit, terrenginngrep og køyrespor i terrenget, og han vektlegg familietilknytning.

Vurdering:

Når det gjeld familietilknytning er dette ikkje eit relevant moment i plan- og byggesaker. Rådmannen vektlegg innspelet om val av område, men at området ikkje treng å vera så stort jfr «sjenanse». Området bør avgrensast og det vert sett av eit område på vel 10 daa.

Rådmannen si tilråding:

Det vert sett av eit område til byggeområde fritidsbustad jfr plbl §11-7 nr 5b. for inntil 3 hytter.

SOLVORN – SMÅBÅTHAMN M.M.

06.10.2018, Walaker hotell v/ Astrid Ullestad og Ole Henrik Nitter Walaker, , dok nr 112

Gjeld innspel både til reguleringsplan og KPA:

Viser til utviding av badestranda som medfører utvida behov for parkeringsplassar. Erfaringar tilseier at det er for lite p-plassar alt no. Mykje feilparkering og uheldige situasjonar kan oppstå til dømes i samband med ulykker eller brann. Det bør innførast tidsavgrensa parkeringsavgift i sentrum. Dei som har eigedomar i området kan få parkeringsbevis og parkeringsreglane må handhevast. Alternativ ny p-plass kan verta ved bedehuset. På andre sia av vegen ved bedhuset kan det fyllast opp til bussparkering.

Båthamn i Neset: Dei viser til Neset som eit attraktivt turområde. Båthamn her med tilhøyrande fasilitetar vil øydeleggja dette unike området. Vegen er i dag traktorveg utan møteplassar. Det vil verta behov for å utvida vegen så bilar lett kan koma til. Dei peikar på at ei båthamn vil vera for alle – ikkje berre solvorningar. Med dette vert det auka behov for p-plassar.

Dei peikar på at turistseongen i Solvorn no er forlenga med to månader og fleire nye overnattingsstader siste åra. Solvorn er innfallsporten til verdsarven på Ornes. Med utsikt til å få enda fleire turistar til bygda må ein vera varsam så ein ikkje øydelegg det turistande kjem for å oppleve.

Vurdering:

Sjå vurdering og tilråding under dok.nr 121.

01.11.2018, Advokatfellesskapet Hæreide, Helland, Rysst & Bolstad, dok. nr. 1118

Merknaden er knytt både til oppstartsvarsel for reguleringsplan Solvorn og KPA og er sendt på vegne av eigar av Storekaiaen, Jorunn Nitter Walaker og leigetakar/kjøpar Lustrabåtane AS v/ Grethe Bugge. Det vert vist til intensjonen bak leigeavtalen om å etablera eit lokalt reiarlag som kan tilføra kommunen både kompetanse og arbeidsplassar.

Jfr planar om småbåtinteressene vert det vist til tidlegare kommunal kai som er overført til bygdelaget – Vetlekaiaen. Denne har ei høveleg høgde for småbåtar. Omsynet til tryggleiken tilseier at ferjedrifta og småbåttrafikken bør lokaliserast til ulike deler av hamneområdet, ikkje minst av omsyn til born i småbåtar. Dei peikar vidare på at det ikkje ligg føre kolliderande bruksinteresser til Storekaiaen mellom reiarlaget og småbåteigarane i turistsesongen (mai-september) og er opne for ein dialog om korleis småbåteigarane sine interesser kan tilgodesjåast i dette tidsrommet.

Vurdering:

Sjå vurdering og tilråding under dok.nr 121.

02.11.2018, Solvorn bygdalag, dok nr 122

Solvorn bygdealag støttar Solvorn Båtlag sitt forslag til eit mindre fortøyingsanlegg for småbåtar i Neset, med gangtilkomst frå ålment tilgjengeleg veg til Neset.

Vurdering:

Sjå vurdering og tilråding under dok.nr 121.

02.11.2018, Solvorn båtlag, dok nr 121

Solvorn båtlag viser til at framlegget til avgrensing ikkje er i samsvar med deira framlegg. Dette gjeld både avgrensing, tilkomst på landsida, meir værutsatt, og ei dårlegare lokalisering visuelt sett. Dei meiner kommunen si løysing lett kan oppfattast som ei motarbeiding av båtlaget sine ønskjer og planar. Dei preiserer at anlegget ikkje er tenkt som småbåthamn med krav til infrastruktur og køyrevegutkomst, noko dei har gjort utrykkeleg greie for tidlegare.

Kommunen viser også eit mindre areal i Habn. Det er vanskeleg å skjønna kva kommunen eigentleg meiner med det framlegget, då både storleiken vist på plankart og lokaliseringa i nærleiken til kommunal sjøleidning gjer framlegget ubrukleg. Båtlaget har gjort innspel om småbåthamn i Habn, men meiner denne lokaliseringa blir meir omfattande med omsyn til infrastruktur og storleik, og ligg lengre fram i tid. Plan for småbåthamn på denne staden må omfatta heile Habnebukti, og framlegget frå kommunen viste i planframlegget må strykast/endrast.

05.11.2018, Eli og Johan Fraas, dok nr 125

Småbåthamn

Viser til at det på del av deira eigedom i Habn, er framlegg om småbåthamn. Denne gongen utafor Notasva. Framlegget inneber ny veg over dyrka mark og parkering og landareal på dyrka mark. Dette vil dela arealet i Habn i to. Den kommunale utsleppsleidningen ligg også i planområdet.

Dei meiner at dersom Luster kommune skal etterleva tidlegare vedtekne planar om redusert trafikk i sentrum og eit levande landbruk i bygda, er det berre alternativet i Måsaviki (Jedlasanden) og eit null-alternativ som passar inn. Dei viser også til at småbåthamn i Habn ikkje er i samsvar med fagrapporten (Kvamme og Vetti) som kommunen har vedteke og heller ikkje med vernesona i gjeldande reguleringsplan. Eit framlegg om småbåthamn i Habn vart handsama i førre plan, tiltaket vart då utgreidd og ikkje tilråd. Det same no. Dei oppmodar kommunestyret om å fylgja tilrådinga frå rådmannen.

Parkering

Viser til at det i planframlegget er lagt opp til «parkeringsfil langsmed FV338 mellom krysset Gamlevegen / Vetlevegen og Gata. Dette er ikkje teikna inn i plankartet, og heller ikkje omtalt. Dei har bringebærhage på baa sider av vegen, og det er gamle stabbesteinar og murar på sidene. Dei er i mot at kommunen også i dette høvet vil ta jord og driftsgrunnlag frå einaste garden i Solvorn med ein fulltids arbeidsplass og i tillegg øydeleggja kulturminne. Dei viser til at det i planen står omtalt ein trafikkanalyse som m.a. skal omhandla trafikk- og parkeringstilhøva i Solvorn. Kvifor dette tiltaket no uavhengig av analysen. Dei viser til oppslag i Sogn Avis der rådmannen har bede om ei utgreiing av både rundkøyting og parkeringsfil og stiller spørsmål ved kvifor dette kjem før analysen? Dei oppmodar kommunestyret om å ta planar om parkeringsfil og rundkøyting ut av planen, og heller handheva reguleringsplanen og korttidsparkeringa på kaien, og parkeringsforbodet langs vegen. Dei viser til ledig kapasitet på skulen.

Dei presiserer at dei ikkje frivillig vil avstå areal til desse føremåla, og at dei tidlegare frivillig har avstått areal til ålmennyttige føremål som parkering i gatesvingen, pumpestasjon og kloakk-silanlegg.


Vurdering:

Reguleringsendringar:

Dei nemnde tiltaka ligg innanfor regulert område i Solvorn. Utgangspunktet er at endringar i arealbruken i desse områda skal handsamast som reguleringsendringar. I nokre særskilde høve vert det fastsett at større tiltak innanfor regulert område skal vurderast i arealdelen. For KPA i 2018 gjeld dette m.a. småbåthamn i Solvorn. Parkering og rundkøyring er ikkje tema i arealdelen. Evt løysingar her skal skje gjennom reguleringsendringar. Desse skal så fastsetjast i kommunen sitt planleggingsprogram. Tiltaka er lagt inn, men det er ikkje fastsatt kva år det vert starta opp.

Solvorn, parkering langs Fv 338 / snuplass buss*

Kommuneplannemnda har trekt ut framlegget om Habn som aktuell lokalisering for småbåthamn i Solvorn.



Vetlekaiaen er delvis kommunal delvis privat. Tilkomst skjer på bygdevege ned frå Gata. Ein får revitalisert området med auka aktivitet knytt til kaiaen. Det skapar ikkje trafikk fram til storekaiaen og auka press på dette området. Det vert kortare veg å gå for båteigarane lenger oppe i bygda.

Forlenginga bør byggjast som flytekai med plass til 20 båtar (10 på kvar side). Det må også vera tilgang til eksisterande kaifront slik at båtar framleis kan leggja til der.

Området må omregulerast til *småbåthamn*. Det vil ikkje koma i konflikt med låssettingsområdet.

Småbåtområdet

Jfr plan- og bygningslova (rettleiar T1490) er det to typar anlegg for småbåtar; småbåthamn og småbåtanlegg

Småbåthamn (sosi-kode 6230) er område der det typisk skal etablerast anlegg for småbåtar av meir ålmenn karakter, og bruken ikkje er avgrensa nærare til fastsette eigedomar (jf. kode 1587 og 1588). Småbåthamner vil som regel ha eit eige driftsselskap, medan småbåtanlegg ikkje har det. Ei småbåthamn kan ein forventa vil generera meir båt-trafikk og trafikk på land enn eit småbåtanlegg

Småbåtanlegg (sosi-kode 1587, 1588) er eit anlegg i mindre skala enn ein småbåthamn, og vanlegvis utan eige driftsselskap. Det vil typisk vera fellesbrygger med båtplassar for nærare oppgjevne brukarar (t.d. bustad- eller fritidseigedomar og ev. nødvendige gjesteplassar).

Båtlaget brukar sjølve nemningar som fortøyingsanlegg, småbåtanlegg. Fortøyingsanlegg jfr PLBL er knytt til akvakulturanlegg og - det er heller ikkje eigen SOSI-kode jfr kartfesting av eit slikt anlegg.

Parkeringsplassar

Solvorn båtlag viser til at dei ikkje treng parkeringsplassar i tilknytning til småbåthamna. Til ei småbåthamn er det føresett 30% dekning. Dvs 6 p-plassar til båthamn med 20 båtplassar.

Presset på parkeringsplassar i Solvorn vil auka dei komande åra som fylgje av desse etableringane:

- Småbåthamn
- Utvida kommunal badestrand i Solvorn
- Verdsarvsenter på Ornes
- Auke i talet på utleigeeiningar i Solvorn

For å få ei framtidsretta løysing på trafikksituasjonen i Solvorn er arbeidet med trafikkanalysen i startgropa og skal vera ferdig til slutten av august 2019. Analysen skal ta føre seg aktuelle framtidsretta løysingar som ivaretek Solvorn sin unike historiske verdi som strandsitjarstad. Det kan vera at det no står om «sjela» til staden. Talet på besøkjande kjem truleg til å auka jamt dei komande åra. Dette m.a. som fylgje av generell auke i turisttrafikken i våre område.

I utgangspunktet er kaien eit trafikknutepunkt for reisande knytt til båttrafikk. Dette inneber at bilar som skal med ferja må ha plass til oppstilling og at passasjerar som kjem med buss må ha lett tilgang til ferje/båt. Utrykkingsbilar må også ha lett tilkomst. Det må også vera reserverte p-plassar for funksjonshemma. Difor må desse ha prioritet i kaiområdet.

Trafikkanalysen bør utgreiia ulike løysingar som p-plassar for:

- bustader / feriehus i Solvorn (dei som soknar til Gata)
- verksemder som butikk, hotell, gjestehus (utleige-hus)
- ferje (besøkjande til Ornes)
- badegjester
- båteigarar

Denne utgreiinga bør også omhandla oppstilling for rutebussar og turistbussar. Vidare bør spørsmål om tidsavgrensa parkeringsavgift vurderast og korleis denne kan handhevast.

Andre moment i utgreiinga er:

- lokalisering av nye p-plassar
- tilbringarteneste frå parkering til kai for besøkjande til Ornes, Solvorn og badeplassen.

Også framtidige løysingar for båt og ferje må greiast ut.

Dersom verdsarven på Ornes med nytt opplevingssenter innan få år skal verta ein ny og viktig attraksjon for Luster og regionen, må trafikk-løysingane i aksen Galden – Solvorn – Ornes – Skjolden takast på alvor. Ein kan ikkje halda fram med å etablere nye tilbod som igjen er med på å generera trafikkauke utan å sjå heile bildet av situasjonen. Det kan lett føra til eit større kaos.

Rådmannen si tilråding:

Kommuneplannemnda legg ut både alternativ Neset og alternativ Vetlekaaien til offentleg ettersyn. Nemnda tek stilling til val av lokalisering etter off. ettersyn.

SØRSIDA

08.11.2018, Randi Kristin Bugge, dok. nr. 131

Viser til regulering på Ornes, og at eit relativt stort område er regulert til bustadbygging – frå Bakkane og til krysset på Ornes. Dei oppdaga denne reguleringa då dei prøvde å få skilt ut ei hyttetomt til ein bror. Ho viser til det praktiske i denne saka ved at området vert låst til bustadbygging og gjer det ubrukeleg for grunneigar. Ho peikar på låg etterspurnad etter bustadtomter, men at dei treng eit tilbod – men ikkje så stort område som dette.

Ho stiller spørsmål ved om det er mogeleg med ei delt regulering slik at ein får opna for fritidseigedomar i tillegg, så hadde området fått ein praktisk bruksverdi, eventuelt delt området mellom bruksområda, opna for dispensasjonar eller andre løysingar.

Vurdering:

Reguleringsplan for Ornes dekker det meste av bygda, og det er ikkje avsett område for bustadbygging. Store delar av bygda er regulert til landskapsvern. I arbeidet med KPA i 2015 vart Bakkane vurdert som aktuelt for bustadbygging. Føresetnad for dette er omregulering. Det er i planleggingsprogrammet lagt til grunn at dette kan starta etter arbeidet med buffersoneplanen er ferdig.

Rådmannen ser utfordringane det vert vist til jfr den låge etterspørselen etter bustadtomter. Området som er på 36 daa, er sørvest-vendt og solrikt område, lauvskog og morenejord, noko bratt. Ligg skjerma til for Ornes stavkyrkje. Det er bygd to hytter og skilt ut eit par hyttetomter i området. Området grensar inn til bustadtomter.

Rådmannen meiner at det kan vurderast å dela opp området slik at det som ligg nærast kaien vert avsett til bustader og det som litt ytst vert sett av til hytter.

Evt frådelingar og dispensasjonar før ei omregulering må ikkje vera til hinder for framtidige løysingar og bør knytast til fylkesvegen.

Jfr innspel frå fylkeskommunen / Riksantikvaren må det knytast vilkår til evt byggesaker i området når det gjeld utforming, volum og byggehøgder og at bygningane må vera tilpassa landskapet på ein god måte.

Rådmannen si tilråding:

Søknader om frådeling og dispensasjon for hytter / bustader må vurderast særskilt inntil området er omregulert. Evt tomter til fritidshus må lokaliserast nær veg og i tilknytning til eksisterande fritidshus.

Det må knytast vilkår til evt byggesaker i området når det gjeld utforming, volum og byggehøgder og at bygningane må vera tilpassa landskapet på ein god måte.

Rådmannen legg til grunn at Bakkane kan regulerast til både bustad og fritidshusføremål. Der område nærast ferjekaien vert regulert til bustadføremål og det nærast båtbyggeriet til fritidshus.

1. KOMMUNALE RÅD

2. LAG OG ORGANISASJONAR

09.11.2018, Nasjonalforeningen – Gaupne Helselag, dok. nr. 136

All planlegging må sjåast i eit folkehelseperspektiv slik at alle har høve til å nytta vegar, bygningar og rom – og at kommunen vektlegg dette. Viser m.a. til at det vert teke omsyn universell utforming i alle samanhengar.

Tilrettelagde toalett og sanitærfunksjonar for alle

Alle gang - og sykkelvegar må brøyta og evt strøast så fort som råd etter eit snøfall.

Vurdering:

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg innspelet

12.11.2018, Naturvernorganisasjonar i Sogn og Fjordane, dok. nr. 145

Dei viser til motsetningar mellom samfunnsdel og arealdel og at ein i større grad må planleggja for endå sterkare klimaendringar. FN sine bærekraftmål vert framheva. Dei har merknader til ein del overordna føringar i planen knytt til m.a.:

Tap av biologisk mangfald og at bærekraftig hyttebygging ikkje eksisterer. Hyttebygging bør takast ut av planen

Dei oppmodar om at alle område for bustad- og hyttebygging vert teke ut av planen i påvente av revisjon av kjerneområde landbruk.

Dei viser til at det i planen ligg inne omdisponering av full-/overflate dyrka mark og innmarksbeite på 125 daa. Dei vil sterkt rå frå bygginga på alle jordbruksareal, beiteareal og i høgfjellet.

Dei er vidare prinsipielt usamde om ein del tiltak og rekkefylgja i arbeidet.

Dei kjem med ein del merknader knytt til formelle feil. Me føreset at evt feil også kjem fram i regionale forvaltningsorgan sine fråsegner og vert retta opp i den samanheng.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg dei mange merknader og synspunkt på kommunen sitt framlegg. Det er også verd å merka seg at eit plandokument får si form i ein dynamikk mellom administrativt arbeid og politisk arbeid – der dei ulike aktørane har sin definerte rolle og skal ta ulike omsyn. Dette kjem fram m.a. gjennom faglege vurderingar.

Rådmannen si tilråding:

Formelle feil som er peika på vert retta opp i samsvar med merknader frå regionale forvaltningsmyndigheiter sine fråsegner

12.11.2018, Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, dok. nr. 143

Villreinnemnda trekk fram at dei ikkje står på høyringslista og er skuffa over det. Dei er orientert og har fått planen tilsendt frå anna hald.

Dei viser til bygging av garasje på Turtagrø og innser at det er eit behov for den. Men vonar at lokaliseringa ikkje fører til høgare press på området mellom Turtagrø og Horrungane når det gjeld øvingsaktivitet. Øvingar bør gjerast i mindre sårbare område.

Dei ynskjer ei revurdering av areal avsett til sommarskisenter (nordsida av vegen). Sia dette er mindre viktig for skisenteret i dag, meiner dei at området bør takast ut av arealdelen. Arealet kan vera i konflikt med villreintrekk.

Omsynssone – villrein: Dei oppmodar om at retningslinjene vert omgjort til føresegner og at «bør» vert skifta med «skal».

Dei meiner villreinutvalet også må vera høyringspart i dispensasjonssaker i området. Dei føreset at omsynssonene vert lagt inn i kartbasen ved ferdigstilling av planen.

Vurdering:

Rådmannen beklagar at dei ikkje er kome med på adresselista, og det vert retta opp.

Øvingsområde snøscooter: Rådmannen viser til Miljøverndepartementet sine «Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder» datert 31.03.2013. Rådmannen føreset at desse vert lagt til grunn i samband med Røde Kors sin aktivitet i området.

Føresegner: Det er ikkje heimel til å endra retningslinjene som er fastsett for omsynssonene til føresegner.

Endra arealbruk: Med bakgrunn i prosessen knytt til regional plan Ottadalen og avklaringar knytt til sommarskisenteret finn ikkje rådmannen grunnlag for å gjera endringar på dette tidspunktet. Ved neste revisjon av KPA bør det gjerast ei vurdering av område som tidlegare er avsatt i arealdelen og der det ikkje er gjennomført tiltak i samsvar med plan. Det vil då vera aktuelt å trekkja område ut av KPA. Området kan evt vurderast då.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg merknadane.

10.11.2018, Vestjotunheimen villreinutval, dok. nr. 147

Vektlegg trekkvegar og behovet for å oppretthalda dei og ser at nokre tiltak i planen kan ha direkte og indirekte negative konsekvensar på villreinen sine levekår. Dei peikar m.a. på anleggsarbeid i Styggedalen med deponi i trekkruta.

Løypekøyning ved Korpen-Prestesteinsvatnet er uheldig m.o.t. at det er eit utvekslingsområde mellom to villreinstammer.

Kulturminne / fangstanlegg er ein viktig indikator på trekkruter som har eksistert i uminnelege tider.

Dokumentasjon og sikring av slike anlegg er viktig for kunnskap om villreinstamma.

Helikoptertrafikk kan verka negativt på villreinen og dei rår frå etablering av landingsplass på Skjolden.

Omsynssone: det er positivt at leveområde for villrein er avsett som omsynssone, men meiner at det må vera juridisk bindande føresegner. Dei meiner retningslinjene ikkje er gode nok, det er vage og vide formuleringar. Dei har også framlegg til føresegner knytt til både arealbruk og ferdsel, og særskilde for trekkrutene. Dei meiner også at retningslinjene er for vage og kjem med framlegg om nye retningslinjer.

Vurdering:

Regional plan for Ottadalsområdet er vedteke i fylkestinget og gjev føringar for arealbruken i dette villreinområdet. Vestjotunheimen villreinområde er ikkje definert som nasjonalt villreinområde. Departementet sitt krav om regional plan omfattar ikkje denne villreinstamma. Det er difor ikkje gjeve overordna føringar knytt til arealforvaltninga i dette leveområdet. Eit alternativ til regional plan kan likevel vera ein kommunal plan for villreinstamma for Vest-Jotunheimen med Luster og Årdal kommunar som planmynde.

I omsynssoner jfr PLBL §11-8c (m.a. bevaring av naturmiljø) kan det ikkje fastsetjast føresegner. Berre retningslinjer.

Når det gjeld tiltak knytt til energianlegg vert ikkje desse handsama etter PLBL og det kan ikkje fastsetjast vilkår eller retningslinjer i kommunale planar / vedtak.

Villreinutvalet framhevar av det i staden for «bør» må stå «skal». Når det er retningslinjer er det ikkje mogeleg å skriva «skal».

Rådmannen meiner at ein ikkje i tilstrekkeleg grad har dei verkemidla som villreinnemnda etterlyser.

Rådmannen si tilråding:

Kommunen tek merknadane til orientering

3. REGIONALE FAGMYNDIGHETER OG OFFENTLEGE FØRETAK**01.11.2018 – Bergen Sjøfartsmuseum, dok. nr. 119**

Viser til at det er Sogn og Fjordane Fylkeskommune som skal uttala seg i slike saker, og peikar på undersøkingsplikta som også gjeld i sjø- og strandområde. Dei nemner område som kan vera aktuelle undersøkingsområde.

Vurdering:

Kommuneplanutvalet noterer seg attendemeldinga frå Bergens Sjøfartsmuseum.

09.11.2018 – Breheimen Nasjonalparkstyre, dok. nr. 137

Ny støl, Dulsethaugen –Mørkridsdalen

Det vert vist til at området grensar mot «viktig naturtype» - gamal, lauvrik furuskog på toppen av Dulsethaugen. Nasjonalparkstyret vil presisere at naturtypelokaliteten er verdisett med verdi A, nasjonal verdi. I tilrådinga under skjøtsel og omsyn står det i fagrapporten frå Miljøfaglig at «*det beste for å bevare naturverdiene i området er at det ikke hogges eller foretas andre inngrep..*» Med bakgrunn i dei høge verdiane lokaliteten har, meiner nasjonalparkstyret det bør gjerast supplerande kartlegging for å vurdere om arronderinga av naturtypelokaliteten er god nok, slik at ei evt. ny stølstrå i tilgrensande område ikkje går ut over biologisk mangfald av nasjonal verdi.

Det vert vist til føringar for kva det kan gjevast løyve til når det gjeld det omsøkte tiltaket, og fylgjande er vesentleg i saka: totalt bygningsareal å stølshus/seterhus/hytter i landskapsvernområde skal ikkje vere større enn 40 m2. Planframlegget har 60 kvm.

Dei støttar elles framlegget om ein tomteplan og at driftsplan skal liggja til grunn for kvar byggesak. I alle tilfelle må kvar søknad om oppføring av ny bygning handsamast av nasjonalparkstyret etter verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde. Nasjonalparkstyret støttar også vurderinga om at den alternative plasseringa «1 . Kålastein» ikkje vert tilrådd, ut frå ei vurdering om at lokaliseringa ligg på ei høgd i terrenget, sett frå Dulsete. Dette ville vore eit alternativ som ikkje var særleg godt tilpassa landskapet slik vi ser det.

Vurdering:

I denne saka har Nasjonalparkstyre avgjerdsmynde jfr bygging og Fylkesmannen har motsegnrett jfr biologisk mangfald m.m.

Nasjonalparkstyret har søkt om midlar for 2019 for å få utført supplerande kartlegging. Det vert i tillegg vist til fylkesmannen si fråsegn.

Rådmannen legg vekt på ei tilråding som ivaretek både bruksinteresser og forvaltningsinteresser og målet er at kommunen i denne planen får avsett eit framtidig utbyggingsområde med tilhøyrande føresegn.

Rådmannen si tilråding:

Det vert vist til tilråding jfr fylkesmannen si fråsegn.

13.11.2018 – Fiskeridirektoratet, dok. nr. 152

Fiskeridirektoratet region vest meiner at framlegget ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til dei interessene dei er sett til å ivareta i planprosessen og ber om at alle låssetjingsplassar vert lagt inn i tillegg til fiskeplassar. Gyteområde for Lustrafjordsilda som er ei eiga sildestamme må visast som omsynssone naturmiljø. Dei ber også om at KU for småbåthamn i Solvorn vurderer evt konsekvensar for låssetjingsplassane.

Vurdering:

Rådmannen noterer seg attendemeldinga frå Fiskeridirektoratet og legg

Rådmannen si tilråding:

1. Alle låssetjingsplassar, fiskeplassar og gyteområde vert vist plankart / kart for omsynssoner.
2. KU for småbåthamn i Solvorn skal vurdere konsekvensar for låssetjingsplassane i området.

12.11.2018, Statens vegvesen (SVV), dok. nr. 149

Stadanalyse Gaupne

Kommunen peikar på at sentrumskjerna manglar klåre strukturar for å skilje gåande/syklistar og køyrande. Det vert og peika på at biltrafikken er høgast prioritert. Statens vegvesen er samde i denne vurderinga, og er som sektormyndigheit for trafikksikkerheit og gåande - og syklande positive til at kommunen peikar på eit behov for ein overordna plan for området med omsyn til å løyse utfordringane her.

I planomtalen side 30 står det at ein skal vurdere avlastande parkeringsareal sør for fv. 55. Statens vegvesen opplyser om at det ikkje er aktuelt å lage nye gangfelt i området, og rår frå å etablere parkering på sørsida av fylkesvegen som er tenkt å tene areal på nordsida av fylkesvegen.

Kommentar: Rådmannen noterer seg merknaden.

Tilbod til gåande og syklandeSkjolden fv 55.

Grunna mellom anna cruise trafikk og turisme er det i dag fleire fotgjengarar som går langs fylkesveg 55 på begge sider av vegen vest for Skjolden sentrum i retning Fortun. Statens vegvesen oppmodar kommunen om å setje av areal på strekninga til mjuke trafikantar i arealdel en til kommuneplan. Dette for å sikre areal for framtidige trafikktryggjande tiltak for mjuke trafikantar langs fylkesvegen.

Kommentar: Rådmannen noterer seg merknaden.

Det er vedteken reguleringsplan i 2014 for turveg langs Eidsvatnet. Føremålet med turstien er tilrettelegging for tilkomst til Wittgenstein og Vadøyane – jfr «kulturløype Wittgenstein». Den er vidare mot Fortun kobla til traktorveg. Delar av turvegen er opparbeidd og det er no samarbeid mellom tiltakshavar Skjolden Bygdelag og Statens vegvesen om opparbeiding av strekninga mot Skjolden.

Fv. 337 Hafslo sentrum – Moane.

Jfr Prestegarden som framtidig utbyggingsområde. Statens vegvesen ser at det og kan vera trong for å setje av areal for ein framtidig gang - og sykkelveg til Moane, men at denne vil vera uavhengig av utbygginga på Prestehagen. Ein gang - og sykkelveg frå Hafslo sentrum heilt til Moane vil føre til at svært mange kan gå - og sykle til treningsanlegga i Moane og oppmodar kommunen om å vise dette i KPA.

Kommentar:

Må vurderast i samband med ei evt framtidig bustadbygging i Prestehagen.

Småbåthamn i Solvorn

Kommuneplanens arealdel legg ut to alternativ til småbåthamn i Solvorn til høyring.

Småbåthamn i Solvorn, alternativ 1 Neset :

Vi syner til side 52 i Kommuneplan – Konsekvensanalyse og ROS - analyse.

Statens vegvesen er samd i kommunen si vurdering av situasjonen i Solvorn. All nyetablering i Solvorn sentrum vil medføre auka trafikk gjennom sentrum, noko som igjen vil påverke dagens trafikale utfordringar.

Statens vegvesen ser at alternativ 1 , til tross for at det ikkje vil etablere nye parkeringsplassar i sentrum – vil føre til auka trafikk og parkering i sentrum som følgje av at småbåthamna vil generere trafikk. Trafikkauka som følgje av småbåthamn vil truleg vera ekstra høg om sommaren, og vil auke trafikken og parkeringspresset gjennom dei mest utfordrande områda i Solvorn. **Vi vil med bakgrunn i dette rå sterkt frå alternativ 1 .**

Alternativ 2 Habn.

Ei småbåthamn ved Habn vil til ei viss grad medføre nokon av dei same utfordringane som alternativ 1, men ein unngår biltrafikk i dei inste delane av sentrum (samanlikna med alternativet for Neset) dersom ein legg opp til parkering langs kommunal veg i samband med småbåthamna.

Statens vegvesen tilrår alternativ 2 og at ein etablerer parkeringsplassar på kommunal grunn for å unngå ekstra trafikk i sentrum av Solvorn. Bakgrunnen for tilrådinga er at alternativ 2 medfører minst trafikk og parkering (samanlikna med alternativ 1) i dei største presspunktta i Solvorn. Statens vegvesen rår til at trafikkanalysa som vert utarbeida vert lagt til grunn i arbeidet med detaljregulering.

Kommentar: Rådmannen er samd med SVV om dei trafikale utfordringane i Solvorn sentrum. Kommunen er i oppstart på arbeidet med trafikkanalyse og framtidige parkeringsløyisingar vert då eit tema.

Formannskapet/Kommuneplannemnda har trekt ut Habn som aktuell småbåthamn i Solvorn. Rådmannen har notert seg at SVV sterkt frårår Neset med bakgrunn i trafikksituasjonen. Det er å merka seg at båtlaget legg til grunn at dei ikkje treng p-plassar til sine medlemer, og at dei dermed ikkje kan forventa å få stilt p-plassar til rådvelde dersom det vert lagt opp til ei ny parkeringsløyising i Solvorn.

Statens vegvesen kan koma med merknad under arbeidet med reguleringsplanen – både ved oppstart og høyring.

Byggjefelt Eidsbakkane i Skjolden

Byggjefeltet Eidsbakkane i Skjolden ligg tett opp mot Skjolden sentrum.

SVV meiner at gang- og sykkelveg langs hyttene på nedsida av vegen ikkje er ei tilfredsstillande løyising for mjuke trafikantar. Statens vegvesen rår difor til rekkefølgjekrav for byggjefeltet i Eidsbakkane der det vert gjeve føringar for ei løyising for mjuke trafikantar som leiar til sentrum. Dette må utgreiast vidare i reguleringsplan.

Kommentar: Det vert lagt inn rekkefølgjekrav i føresegnene.

Bustadbygging Indre Hafslø

Dagens kryss mellom fv. 55 og fv. 339 nærast Gaupne er ikkje tilfredsstillande jfr dagens vegnormalar. Vegvesenet ber kommunen vurdere mindre utbetringar av krysset som følge av auka utbygging.

Kommentar: Rådmannen noterer seg merknaden.

Næringsområde Turtagrø.

Vegvesenet vil sterkt tilrå at tilkomsten til næringsområdet skjer gjennom utvida bruk av av dei eksisterande kryssa. Dette med omsyn til at det vil bli relativt tett mellom kryss og avkøyrslar i området dersom ein etablerer ei ny tilkomst til næringsområde Turtagrø. Dersom kommunen likevel ynskjer å etablere eit nytt kryss, ber me om at dette vert trekt lenger vekk frå fylkesveg 55.

Kommentar: Trasé for avkøyring frå Tindevegen til tomte er avmerka på plankart og omtala i føresegnene.

Avkøyrslar må leggjast så langt unna krysset til RV 55 som mogeleg.

Næringsområde Hyrnavollen

Vegvesenet minner om at fv. 333 som leiar til Hyrnavollen er av dårlig kvalitet. Vegvesenet har ingen merknadar til planforslaget då det er tale om liten trafikkauke.

Kommentar: rådmannen tek merknaden til orientering.

Taubane og Helikopterlandingsplass

Ei taubane og ein helikopterlandingsplass vil medføre ei vesentleg auke av mjuke og harde trafikantar i område t. Vegvesenet vil difor i reguleringsplanfase krevje ei trafikkanalyse med fokus på trafikktryggleik og trafikale verknadar for området.

Kommentar: Rådmannen tek merknaden til orientering. Det ligg ikkje inne konkrete framlegg om lokalisering av tiltaka i framlegg til KPA. Det er uvisst om / når prosjekta vert realisert.

Hyttefelt ved Moane, Hafslo

Det nye hyttefeltet syner ikkje kor det skal ha tilkomst frå. Reguleringsplanen for hyttefeltet bør vurdere tilhøva mellom mjuke trafikantane i tilknytning til idrettsanlegga opp mot auka trafikk i området.

Statens vegvesen rår til at ein i reguleringsplanarbeidet ser på moglegheita for stenge den dårlege avkøyrsla som er til Straumane, og slå denne saman med ny tilkomst til hyttefelt ved Moane. Alternativt kan ein utbetre dagens tilkomst til Straumane til å stette krava i vegnormalane, og la hyttefeltet få tilkomst gjennom denne.

Me ber om at dette vert sikra som rekkefølgjekrav i kommuneplanens arealdel. Statens vegvesen ynskjer i utgangspunktet ikkje fleire avkøyrslar til fylkesvegen.

Kommentar:
Tek dette til orientering

Fritidshus – diverse:

Statens vegvesen føreset at fritidshus og hytter får tilkomst som stettar krava i vegnormalane. Der det er mogleg oppmodar vegvesenet om at ein søker å samle avkøyrslar eller å utvide bruken av eksisterande tilkomst.

Kommentar:
Tek det til orientering og vurderer det i kvar einskild sak.

Vegnormalar og tilkomst.

Kommuneplanens arealdel syner i all hovudsak ikkje kor regulert arealbruk skal få tilkomst frå. Statens vegvesen minner om at ein i utgangspunktet ynskjer færrast mogleg kryss/avkøyrslar til riks - og fylkesvegar og ser på om det er råd å samla avkøyrslar, og vurderer vegnormalane for kryssløysingar.

Kommentar:
Tek til orientering

Gå - og sykkelstrategi

Vi vil oppmoda kommunen om å lage ein eigen gå - og sykkelstrategi.

Kommentar:
Vert teke inn i trafikktryggingsplanen.

Trafikktryggleik i utbyggingsområder

I utbyggingsområder er det viktig at ein og vurderer tilkomst til kollektivtransport og trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Vi rår til at dette går fram av føresegnene til arealdelen.

16.11.2018 – NVE, dok. nr. 156

Motsegn (jf. PBL §5-4): Grunnlaget for motsegna er at naturfare ikkje er tilstrekkeleg vurdert og innarbeidd i planen.

Planen tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til verna vassdrag og vassdrags- og energianlegg i plandokumenta. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging».

Plankartet som er tilgjengeleg for vurdering i samband med offentleg ettersyn ligg på nettsida kommunekart.no. Dette er ei god løysing for lese planen og gir høve til å slå på og av ulike temakart. Kartet følgjer ikkje gjeldande teiknereglar og manglar f. eks. teiknforklaring. Det kan såleis ikkje reknast som juridisk bindande. NVE føreset at plankartet vert endeleg produsert etter gjeldande reglar og på anna format. Våre merknader til planframlegget er basert på den informasjonen som vi har funne i tilsende dokument og informasjon som vi finn på kommunen si nettside.

Naturfare

I framlegg til plankart som ligg i nettlenka, er det etablert temakart for flaumfare basert på flaumsonekartleggingar langs Jostedøla (3 delområde). NVE føreset at flaumsoner frå desse kartleggingane vert innarbeidd i plankartet med omsynssone flaumfare (H320) og tilhøyrande føresegn.

Data frå flaumsonekartleggingane er tilgjengeleg for å laste ned i NVE sine karttenester, men vi reknar med at kommunen har desse data sidan det er etablert temakart. I flaumsonekarta er det ikkje tatt høgde for forventta klimaendringar, og kommunen må enten i plankartet eller føresegnene ta høgde for forventta klimaendringar, jf. informasjon som er tilgjengeleg i Klimaprofil Sogn og Fjordane utarbeidd av Norsk klimaservicesenter.

NVE har **motsegn** til planframlegget til kartlagt fare for flaum er regulert inn i plankartet som omsynssone flaumfare (H320) med tilhøyrande føresegn som set krav i samsvar med tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2.

Luster kommune har også mykje areal langs vatn og vassdrag der det ikkje er gjort flaumsonekartlegging. Til arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag» er det i føresegnene § 12.5.1 fastsett byggegrense på 30 m langs eit utval vassdrag. I planomtalen er det same føremålet omtala i kapittel 11.5 utan at vi kan sjå kva vurdering som ligg til grunn for byggegrensa langs vassdraga, og vi veit såleis ikkje om det er av omsyn til flaumfare eller vassdragsmiljøet det er føreslege ei slik grense. I NVE sitt innspel til planarbeidet viste vi til råda i rettleiar 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar; Ei byggegrense på minst 20 m frå bekker med mindre nedslagsfelt enn 20 km² og 50 – 100 m frå elvar vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg til å unngå fare for flaum. Vi meiner difor at kommunen må gjere eit grundigare arbeid med vurdering av fare for flaum og erosjon langs bekkar og vassdrag.

Byggegrensa kan enten visast i plankartet eller som ei generell føresegn. NVE har motsegn til planen til fare for flaum og erosjon er vurdert for større delar av vassdraga i kommunen. Det må etablerast byggegrenser basert på vurderingane som vert gjort eller basert på generelle råd i NVE sine rettleiarar. Val av løysing må grunngjevast.

I kartløysinga på kommunekart.no er det også etablert temakart for rasfare (skredfarekartlegging i bratt terreng, NVE rapport 32/15), aktsemdskart for snøskred og steinsprang (NGI) og aktsemdskart for jord og flaumskred. Slik vi les framlegg til føresegn § 12.6.1 skal det etablerast omsynssone skredfare (H310) basert på desse kartleggingane. Det vil vere ei løysing som er i samsvar med våre råd, men vi rår til å differensiere omsynssona (H310_1, H310_2) med nummerering for å skilje mellom

faresonekarta og aktsemdskarta. I tilhøyrande føresegnar må det kome fram kva kartlegging dei ulike sonene representerer, og for områda der reell fare er kartlagt må føresegnene setje krav i samsvar med tryggleikskrava i (TEK17) § 7-3. Kommunen kan også velje å regulere alle kartleggingane i ei omsynssone, men vi meiner det vil gi eit plankart som er vanskelegare å lese.

NVE tek atterhald om motsegn til planen til skredfare er regulert i plankartet med omsynssone H310. Slik NVE les plandokumenta manglar det vurderingar og krav til tiltak i høve til potensiale for områdeskred av kvikkleire. Vi viser igjen til NVE sin rettleiar 7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» som skildrar nærare tilrådd prosedyre for vurdering av faren for kvikkleireskred på kommuneplannivå.

Dersom kommunen finn det nødvendig, kan ein sette generelle føresegnar etter PBL § 11-9 med krav om nærare utgreiing av grunnforholda ved utarbeiding av reguleringsplanar eller søknader om byggeløyve.

NVE har motsegn til planen til potensiale for områdeskred av kvikkleire er vurdert, **eller planen sikrar krav til vidare utgreiing i aktuelle område.**

I vedlegget Konsekvensutgreiingar er nye utbyggingsområde systematisk og oversiktleg vurdert etter fastsette kriteria. Fremst i dokumentet er det ei liste over administrasjonen si tilråding til nye utbyggingsområde. Slik vi les plankartet samsvarar ikkje denne lista fullt ut med alle nye utbyggingsområde i plankartet, f. eks. er området Bruflat-feltet i Gaupne lagt inn som nytt bustadområde utan at det er med i konsekvensutgreiinga.

Fare for flaum og skred er eit av kriteria som nye utbyggingsområde er vurdert etter. Fleire av områda ligg i område med potensiell fare, noko som synleggjer at kommunen må vere presis i dei juridisk bindande dokumenta (plankart og føresegnar) om kva utgreiinga som må gjerast før utbygging.

På generelt grunnlag rår vi kommunen frå å legge til rette for ny utbygging i område utsett for fare, og særskilt i område som er kartlagt med reell fare. For to nye utbyggingsområda for bustad i Gaupne er det kartlagt flaumfare, jf. Delprosjekt Gaupne 2/2001, og i konsekvensutgreiinga er det vist til flaumfare med gjentakintervall på 1/20. NVE stiller spørsmål ved om slik utbygging er tilstrekkeleg vurdert i høve til forventa klimaendringar, og om planen på ein god nok måte sikrar at tryggleikskrava i TEK17 er stetta. I flaumsonekarta er områda definert som lågpunkt bak elveforbygginga ved ein 200-års flaum, og vi kan ikkje sjå at det er vurdert konsekvensar av meir utbygging eller sett særskilde krav til tiltak i området. NVE rår sterkt til at kommunen vurderer nye bustadareal i flaumsone med omsyn til forventa klimaendringar, og kva konsekvensar meir utbygging vil ha i flaumsituasjonar.

I føresegnene § 14.4 er det slik vi les planen føreslege generelle krav til samfunnstryggleik og ROS. Dersom plandokumenta vert endra i samsvar med våre merknader til flaum og skred, vil dei aktuelle omsynssonene med tilhøyrande føresegnar gjere delar av denne føresegna overflødig. For havnivåstigning, potensiale for marin leire (kvikkleire) og generelle avstandskrav langs vassdrag med omsyn til flaumfare, ser vi at ei slik føresegn kan vere nyttig. For dei typar naturfare som er vist med omsynssone og tilhøyrande føresegn, meiner vi tryggleiken vert teke i vare med referanse til tryggleikskrava i TEK17.

Vassdrag

Verna vassdrag er også vist med eige temakart i kartløyisinga på kommunekart.no. I Luster kommune er Mørkrisdalselvi og Feigedalselvi omfatta av Verneplan III, og vi kan ikkje sjå at det kjem fram av planomtale eller føresegnar kva omsyn som skal takast til desse vassdraga. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn i planarbeid knytt til verna vassdrag. Retningslinjene gjeld hovudely, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse.

Det må leggjast opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I planen sin tekst del skal det gå fram korleis dei rikspolitiske retningslinjene er følgd opp i planen. Det kan

gjerast med omsynssone i plankartet og tilhøyrande føresegner, eller føresegner som viser til vassdraget sin status.

NVE har motsegn til planframlegget til omsynet til verna vassdrag er tilstrekkeleg innarbeid i plandokumenta.

Slik vi les plandokumenta er lista over vassdrag i føresegnene § 12.5.1 dei same som er føreslege regulert med arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag». NVE rår sterkt til at alle vassdrag med årssikker vassføring vert merka tydeleg med dette arealføremålet i plankartet, jf. Vassressurslova § 2. Vi meiner planframlegget har utelate for mange vassdrag med tilrådd arealføremål, og grunngjeving for kvifor det er gjort eit utval.

Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt gjeld at utbygging tett inn til vassdrag bør unngåast. Kommunen bør vurdere å innføre eit byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. For å ta i vare vassdragsmiljø og allmenne interesser i vassdrag er det oftast naudsynt å sette byggegrenser i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleikssyn.

Vassdrags-og energianlegg

I Luster er det mange vassdragsanlegg som reguleringsmagasin og kraftstasjonar, og mange overføringsleidningar for elektrisk kraft. Kraftstasjonar og transformatorstasjonar ser ut til å vere regulert med byggeføremålet «Næringsområde», medan kraftleidningar ikkje er markert særskilt eller med eige temakart.

Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner som bandlagde område (PBL § 11-8 d) i plankartet. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL § 11-7 nr. 2.

NVE har motsegn til planframlegget til omsynet til vassdrags- og energianlegg er tilstrekkeleg innarbeid i plandokumenta

Reguleringsmagasin bør markerast i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket (utan tidsavgrensing), med føremål «Reguleringsmagasin» (PBL § 11-8 d).

Vurdering:

Motsegnene er i hovudsak av «Teknisk» sort og knytt til manglande kartarbeid og mangel i føresegner.

Bruflat – konsekvensutgreiing

Bruflat / Grandmo er omfatta av reguleringsplan og det skal utarbeidast ny plan for heile området. Det er ikkje endra føremål jfr arealdelen og krav til konsekvensutgreiing. I samband med reguleringsplan vert skal det m.a. utarbeidast ROS-analyse.

Tilråding:

Rådmannen tek innspelet frå NVE til følgje og rettar omsynssonekarta og føresegner i samsvar med merknader frå NVE.

19.11.2018 – Sogn og Fjordane fylkeskommune, dok. nr. 158

SAMFERDSLE

Fylkeskommunen støttar føringa i kommuneplanen sin arealdel om at dei trafikale utfordringane i Gaupne sentrum best vert løyst gjennom ein eigen overordna plan. Vidare er det positivt at planen

har fokus på trafikktryggleik ved utforming av trafikale løysingar og arealutnytting. Når det kjem til føringane som skal gjelde for Gaupne sentrum vil fylkeskommunen at planen inkluderer eit punkt som seier at det skal leggst til rette for trygg og føreseieleg kollektivtransport som er universelt utforma. Det er viktig at dei som ikkje nyttar bil og som ikkje har moglegheit til å sykle eller gå også kan gjere seg nytte av Gaupne sine sentrumsfunksjonar.

Vurdering:

Vedtaksfreda bygningar

Oppmodar om at det kring hovudhuset på Flahamar som vart freda i 1923, vert avsett ei omsynssone som «skal ta vare på verknaden av hovudhuset på Flahamar i omgjevnadane og bevare siktlinene mellom huset og fjorden på ein god måte.» Grunngevinga er at det er viktig å sikra omgjevnadane kring freda kulturminne og den konteksten det er ein del av.

Merknad: det vert sett av ei omsynssone kring Flahamar.

Wittgenstein: vert vist til bygningar på Skjolden som også er knytt til han og verksemda hans. Og peikar på at det er viktig at desse vert tatt godt vare på. Dette gjeld spesielt Klingenbergshuset og Storehuset, og Skjolden som tettstad. Dei rår til at det vert lagt ei omsynssone over eit høveleg område i Skjolden som omfattar desse to husa og sjøbuene ved fjorden.

Merknad: Det vert avmerka ei omsynssone kring dei aktuelle bygningane på Skjolden.

Listeførte kyrkjer: viser til at Luster er rik på kyrkjer som er verdfulle kulturminne og at det vert teke vare på omgjevnadane.

Merknad: Rådmannen noterer seg merknadene

Verdsarvstaden Ornes stavkyrkje med omgjevnadar

Verdsarvstaden Ornes stavkyrkje er ein av to verdsarvstadar i fylket. Sjølvstaden er svært liten i areal, samstundes som det storslåtte fjordlandskapet rundt kyrkja er vesentleg for opplevinga og forståinga av verdsarven. Det er starta opp arbeid med å definere dei oppsluttande verdiane til verdsarven og ein buffersone som skal bidra til å ta vare på desse verdiane. Solvorn er ein viktig innfallsport til verdsarven og har betyding for ivaretakinga av den. Større tiltak i Solvorn som til dømes parkeringsplass og småbåthamn kan såleis vere utfordrande sett i forhold til verdsarven. Vi vil difor råde dykk til å utgreie ei alternativ plassering til småbåthamn som ikkje er synleg frå Ornes.

For meir om buffersone syner vi til Riksantikvaren sin uttale nedanfor.

Fast busetnad på Ornes er viktig for bevaringa av verdsarven i eit langt perspektiv og vi ser behovet for å regulere areal til bustadføre mål. I planframlegget er detaljregulering for bustadområdet Bakkane skyvd ut i tid. Ved detaljregulering av dette området er det viktig å ta omsyn til utforming, volum og byggehøgder samt at bustadfeltet må vere tilpassa landskapet på ein god måte.

Fylkeskommunen ynskjer å bidra når føresegnene til denne reguleringsplanen skal utarbeidast.

Merknad: Rådmannen noterer seg merknadane knytt til verdsarvområdet.

Riksantikvaren sine merknadar

«Konkrete arealinnspel knytt til dei automatisk freda kyrkjestadane:

Dei mellomalderske kyrkjestadane er kulturminne av nasjonal verdi. Det vert føresett at det vert vist omsyn til desse i kommunens arealplanlegging.

Merknad: Rådmannen noterer seg merknaden og legg kyrkjestadane inn i føresegnene.

Plankart og føresegner

Det er råd om korleis nytta omsynssoner kring kyrkjer og kyrkjestader og aktuelle føresegner.

Merknad: vert teke inn i kart og føresegner

Ornes verdsarvområde

Viser til arbeidet med buffersone som er forventa ferdigstilt i 2019. Buffersona skal godkjennast av UNESCO og forankrast i plan og bygningslova.

Det kan verta lagt inn føringar knytt til arealbruk i buffersona når det gjeld lokalisering av byggetiltak, byggehøgder m.m. også i Solvorn.

Merknad: Rådmannen føreset at det føreligg tydelege og gode grunnngjevingar og resonnement for fastsetjing av ei buffersone og dei vilkåra som skal knytast til denne jfr arealforvaltninga i kommunen.

Kulturminne i sjø

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum: viser til undersøkingsplikt og sakshandsaminga når det gjeld kulturminne i sjø i samband med byggetiltak.

Teke til orientering

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen noterer seg merknadene og vil retta opp i samsvar med innspel.

08.11.2018 – Direktoratet for mineralforvaltning, dok 133

Direktoratet for mineralforvaltning viser til kommunedelplan for mineralske råstoff som er innarbeidd i den nye planen og seier seg nøgde med det.

Dei meiner planen bør innehalda ei vurdering av noverande ressurstilgang for byggersåstoff i kommune og knyte det opp mot framtidig behov. Dei rår også til å sjå på levetid for masseuttaka i drift og vurdera å setja av nye areal eller eventuell utviding av eksisterande.

Dei oppmodar om at føresegn 12.2.7 i planen vert retta i samsvar med denne teksten: «*Drift skal skje i medhald av føresegn i minerallova med gjeldande forskrifter, samt vilkår i løyve etter lova.*

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er myndigheit etter minerallova.»

Dei oppmodar også om at tema minseralske ressursar vert utgreidd som eige tema eller tema naturressursar når det vert utgreidd konsekvensar for nye føremål.

Vurdering:

Rådmannen seier seg samd i framlegget om endring av føresegn 12.2.7 i planen. Rådmannen vurderer endring i KU-skjema ved neste planrullering.

Rådmannen si tilråding:

Forskrift 12.2.7 i planframlegget vert endra i samsvar med Direktoratet sitt innspel.

16.11.2018 – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, dok. nr. 155

Fylkesmannen har levert ei omfattande fråsegn, 16 sider. Hovudinntrykk av planframlegget, er at det er gjort eit omfattande og godt arbeid med revisjonen av arealdelen til kommuneplanen. I nokre område er det derimot lagt inn arealbruk som kjem i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser. Fylkesmannen har difor måtta fremja nokre motsegner mot planframlegget.

Motsegner.

Miljøvernområdet.

Moane

Med bakgrunn i at hytteområde H2A kjem i konflikt både med naturmangfald, friluftsinnteresser og landskap i vassdragsbeltet langs Hafslovatnet, og at det finst gode og mindre konfliktfylte lokaliseringalternativ for hytter i nordaust, fremjar vi motsegn mot hytteområde H2A. Vi krev at dette området vert teke ut av planen. Vi tilrår at hyttene heller vert samla i området lenger nordaust, som ligg lenger frå vatnet og fuglefredingsområdet.

Rådmannen si tilråding:

Området langs vatnet vert trekt ut av planframlegget. Tiltakshavar kan vurdere omregulering av området ved fotballbana. Dette er på vel 6 daa og bør kunna tilretteleggast for 10-12 tomter. Med eit stort tilgrensande felt som tidlegare er lagt ut bør interessentar prøva å få hand om dette området også. Det kan då utarbeidast reguleringsplan for eit større område.

Ved Ytre Eikum er det sett av eit LNF-område for spreidd hyttebygging (NLFR-H2). Ei utbygging av tre hytter her vil virke privatiserende på området ned mot strandkanten i og med at hyttene kan oppførast berre om lag 30 meter frå sjøen. Oppføringa av dagsturhytta her i 2018, for å fremje allment friluftsliv, talar også i mot å opne for bygging av tre private hytter i det same området. Ut frå dette meiner vi at utlegging av LNF-området for spreidd hyttebygging ved Ytre Eikum kjem i strid med dei allmenne interessene som ligg bak strandsonevernet, og vi fremjar såleis motsegn mot NLFR-H2.

Kommentar:

Rådmannen legg til grunn at det kan leggjast til rette for eit mindre tal hytter på eigedomen. Hyttene bør trekkast tilbake frå stranda. Kommunen opprettheld framlegget om spreidd utbygging.

Dulsethaugen, Mørkridsdalen

I planframlegget er det sett av eit område som LNF-område, areal for nødvendige tiltak for landbruket (LNFR-område 1) på Dulsethaugen. I og med at området for bygging av fem sel ligg i kanten av ein naturtypelokalitet med A-verdi, meiner Fylkesmannen at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 ikkje er godt nok. Arealdisponeringa kan kome i konflikt med nasjonale og regionale interesser innan våre ansvarsområde (naturmangfald), og vi fremjar såleis motsegn mot arealbruken.

Vi fremjar også motsegn mot føresegnene pkt. 12.4.4, nr. 3 der det går fram at sela kan vere inntil 60 m² store, i tillegg til uthus på 15 m². Dette må seiast å ligge langt over det som er tradisjonell storleik på sel nytta i samband med landbruk (t.d. i samband med tilsyn og sanking av sau på utmarksbeite). Vi krev at storleiken på sela må reduserast, og viser m.a. til verneforskrifta § 3, del 1.3f, der det står at forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

Kommentar:

Føresegnene er endra og tilpassa merknad og motsegn.

I føresegnene pkt. 12.4.3, dvs. generelle føresegner for bygningar i stølsområde, er det opna for at stølshus kan ha største byggegrunnflate på 50 m². Vi krev (motsegn) at storleiken på stølshus i føresegnene må reduserast.

Kommentar:

Føresegna var teke inn i KPA i 2008 og fylkesmannen har ikkje tidlegare hatt merknad til denne.

LandbruksfaglegHabn, Solvorn

Vi kan ikkje sjå at det knyter seg så store samfunnsinteresser til etablering av ei småbåthamn i Solvorn at landbruksinteressene og jordvernet må vike. Vi meiner at plassering av småbåthamn i Habn er svært uheldig for landbruket, **og vi fremjar difor motsegn mot dette alternativet.**

Kommentar:

Formannskapet har teke ut Habn som aktuelt område for småbåthamn

Haugen, Gaupne

Det føreslegne bustadområdet B4 Haugen i Gaupne består av om lag 9 daa fulldyrka og lettdrive jordbruksareal, som grensar til dyrka jord mot aust og eksisterande bustadområde mot sør og vest. I følgje konsekvensutgreiinga så vil endra arealbruk ha svært stor negativ konsekvens for landbruket. Vi fremjar motsegn mot det føreslegne bustadområdet B4 Haugen.

Kommentar:

Området vert oppretthalde.

Planomtalen og konsekvensutgreiinga

Vi merkar oss at utgreiingstema i konsekvensutgreiinga ikkje er i samsvar med dei utgreiingstema som er lista opp i planprogrammet. Det er dels brukt andre namn på tema enn i planprogrammet og nokre tema som planprogrammet har med som utgreiingstema er ikkje konsekvensutgreidde (m.a. ureining av jord og vatn, økonomiske konsekvensar for kommunen). Konsekvensutgreiinga svarar såleis ikkje fullt ut på planprogrammet med utgreiingstema. For at konsekvensutgreiinga skal bli fullstendig må m.a. alle dei utgreiingstema som er med i det vedtekne planprogrammet vurderast i konsekvensutgreiinga.

Kommentar:

Rådmannen kan ikkje sjå at dette stemmer. Dei tema fylkesmannen nemner (for KU) er ikkje omtalt i planprogrammet. Det vert vist til at planprogrammet legg opp til at tema og oppbygging i gjeldande plan skal fylgjast i revidert plan.

Del I:

Del II: er ei utgreiing av dei samla verknadene av KPA innafor dei ulike utgreiingstema. Aktuelle tema vil vera økonomi, samfunn og miljø. Merknad: Rådmannen meiner at dei tre overordna tema er dekkja i KU gjennom dei ulike deltema her.

Del III: Rådmannen meiner denne delen fullt ut er i samsvar med planprogrammet

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml.) set sterkare krav til vurderingar av tema som t.d. biologisk mangfald ved sakshandsaming etter plan- og bygningslova. Etter det vi kan sjå er ikkje arealbruken vurdert opp mot naturmangfaldlova (nml.) og dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 for enkeltområde som kan virke negativt inn på naturmangfald. **I arealdelen til kommuneplanen/kommunedelplan er vurderingar etter nml. aktuelt både for enkeltområde og ikkje minst for planen samla.**

Arealdisponering bør vurderast opp mot dei miljørettslege prinsippa (NML §§8-12) og § 49 om «utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i eit verneområde»

Vi føreset at det i konsekvensutgreiinga/avgjerdsgrunnlaget vert innarbeidd vurderingar etter naturmangfaldlova og dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 for byggjeområde som kan virke inn på registrerte naturverdiar før planvedtak. Lova set krav om dette.

Kommentar:

Vurderingar er lagt inn i KU-skjema.

Jfr Naturmangfaldslova §49 skal det vurderast om tiltaket kan medføre skade inn i eit nærliggjande verneområde. I dette

Vidareføring av reguleringsplanar

Dersom reguleringsplanen er eldre enn ti år er motsegnretten ikkje avskoren mot slike eldre reguleringsplanar. Retten til å fremje motsegn mot vidareførte eldre reguleringsplanar som skal gjelde uendra fell derimot vekk ved bruk av omsynssone H 910, vidareføring av reguleringsplanar.

I føresegnene pkt. 12.1.8 "Tilhøve til gjeldande reguleringsplanar" står det at kommuneplanen gjeld framfor eksisterande reguleringsplan ved motstrid med nokre unntak. Eitt av unntaka er for reguleringsplanar viste som omsynssone H 910 på plankartet. Det er heller ikkje vist omsynssone H 910 på plankartet.

Kva for reguleringsplanar som skal vidareførast uendra er såleis ikkje råd å lese ut av planframlegget slik det no ligg føre.

Kommentar:

Alle reguleringsplanar er gjennomgått og lista opp under føresegnene

Omsynssoner

I pkt. 12.6 i føresegnene går det fram at det i denne planen er nytta omsynssoner etter pbl. § 11-8, bokstav a, c, d og f. Vi merkar oss at det likevel ikkje er vist omsynssoner på sjølve plankartet. Etter det vi forstår har kommunen valt å gjere det slik fordi omsynssonene vil gjere plankartet vanskelegare å lese. Ei løysing på dette kan vere å ha fleire plankart, dvs. med og utan omsynssoner. Vi ser det som ein mangel at det ikkje ligg føre plankart ved offentleg ettersyn som viser omsynssonene, jf. også merknadene framfor om omsynssone H 910 for reguleringsplanar som skal vidareførast uendra. **Vi føreset at omsynssonene vert innarbeidd i eit plankart slik at planen vert fullstendig og eintydig, og viser kva for område det gjeld særskilde føringar og restriksjonar for, dvs. både gjennom føresegnar og retningslinjer.** Vi legg til grunn at dette vert innarbeidd før ei eventuell ny høyring og planvedtak.

Vi ser det ikkje minst som viktig at omsynssonene for bandlegging etter pbl. eller anna lovverk, det vil m.a. sei dei områda i kommunen som er verna etter naturmangfaldlova, vert viste i plankartet.

Kommentar: Dette vert retta opp

Byggjegranser langs sjøen

Vi tolkar det slik at dette er retningslinjer som gjeld ved handsaming av dispensasjonssøknader i LNF-område. **Vi tilrår å få dette tydelegare fram ved å endre overskrifta i pkt. 14.2 slik at det kjem**

klart fram at dette er retningslinjer som gjeld for handsaming av dispensasjonssøknader i LNF-område.

Plankartet: Vi rår til å sende plankartet inn for kvalitetskontroll.

Kommentar: Dette vert retta opp

Moane, H2 A og B

Ved fotballbana:

Det er ein klar mangel ved konsekvensutgreiinga at det nye hytteområde H2A ikkje er vurdert opp mot naturmangfaldlova.

Ved Hafslovatnet

Med bakgrunn i at hytteområdet kjem i konflikt både med naturmangfald, friluftsinnteresser og landskap i vassdragsbeltet langs Hafslovatnet, og at det i kommuneplanen finst gode og mindre konfliktfylte hytteområde i nordaust, fremjar vi motsegn mot hytteområde H2A. Vi krev at dette området vert teke ut av planen. Vi tilrår at hyttene heller vert samla i området lenger nordaust, som ligg lenger frå vatnet og fuglefredingsområdet.

Kommentar:

Jfr Naturmangfaldslova §49 skal det vurderast om tiltaket kan medføra skade inn i eit nærliggjande verneområde. Omsøkt felt H2 B ligg nær opp til Hafslovatnet fuglefredingsområde som har grense i strandkanten.

Vidare utbygging av hytter i området og nær strandsona kan forringa fuglane sitt livsmiljø både m.o.t. biotop og aktivitetar. Dette gjeld også i tilfelle stien vert flytta nærare vatnet for å gje plass til nye hytter.

Rådmannen er samd med fylkesmannen at det kan vera eit alternativ med å leggja til rette for fleire hytter lenger nordaust og då i tilknytning til H2A.

Ytre Eikum, NLFR-H2

Ut frå ovanståande meiner vi at utlegging av LNF-området for spreidd hyttebygging ved Ytre Eikum kjem i strid med dei allmenne interessene som ligg bak strandsonevernet, og vi fremjar såleis motsegn mot NLFR-H2.

Kommentar:

Rådmannen legg til grunn at ein reguleringsplan for området vil ivareta dei ålmenne interessene knytt til strandsona.

LNFR-område, Dulsethaugen

Etter det vi kjenner til er det ikkje fem sel på Dulsete som er knytte til bruk som driv med husdyr. I og med at føresetnaden for å flytte sela er at det skal vere bygg nødvendige for landbruksdrifta, vert talet på bygg som skal flyttast avgrensa av behovet for sel i samband med landbruksdrift/husdyrhald. Ein viktig føresetnad for ei slik eventuell flytting av sel må vere at det totale talet på bygg i området Dulsete/Dulsetehaugen ikkje vert auka. Vi forstår det slik at det ved nybygg av sel er ein føresetnad at eksisterande sel vert rive (jf. konsekvensutgreiinga).

Arealbruken er ikkje vurdert opp mot dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova, noko som er ein klar mangel ved konsekvensutgreiinga for dette området.

Fylkesmannen meiner ut frå ovanståande at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 ikkje er godt nok, og at LNF-området for bygging av fem sel (landbruksbygg) kan kome i konflikt med

nasjonale og regionale interesser innan våre ansvarsområde (naturmangfald). Vi fremjar såleis motsegn mot arealbruken.

Viss kommunen ønskjer å gå vidare med den valde plasseringa på Dulsetehaugen, i kanten av naturtypelokaliteten med verdi A, må det i samband med kommuneplanrevisjonen nyttast fagkyndig biolog i felt for å kartlegge dei naturfaglege verdiane.

Viss konklusjonen etter undersøkinga av skogsområdet på Dulsetehaugen blir at det føreslegne byggeområdet for sel ikkje er akseptabelt grunna for stor konflikt med naturmangfald, må kommunen prøve å finne fram til eit anna område som i mindre grad er i konflikt med naturmangfald og landskap. Vi fremjar også motsegn mot føresegnene pkt. 12.4.4, nr. 3 der det går fram at sela kan vere inntil 60 m² store i tillegg til uthus på 15 m². Dette må seiast å ligge langt over det som er tradisjonell storleik på sel nytta i samband med landbruk (t.d. i samband med tilsyn og sinking av sau på utmarksbeite). Vi krev at storleiken på sela må reduserast, og viser m.a. til verneforskrifta § 3, del 1.3f, der det står at forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til riving av gamle bygningar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

Kommentar: Det vert lagt inn ei rekkfylgjebestemmelse knytt til naturfagleg kartlegging. Det er fem brukarar som har sendt inn framlegget og dokumentasjon knytt til framtidig bygging er avgjerande.

Landbruksfaglege merknader

Bustadområde

I Gaupne er det rekna med eit tomtebehov på 192 bustadeiningar i heile planperioden fram til 2029. Sjølv om kommunesenteret har vekst i folketalet, stiller vi likevel spørsmål ved om det kan forventast så stort tomtebehov i planperioden som bustadstrategien legg opp til. Det er fastsett ei utbyggingsrekkefølge i føresegnene til planen, der B4 Haugen er det siste av dei aktuelle bustadfelt som skal byggjast ut i Gaupne. Høg arealutnytting i dei andre bustadfelt, tilseier at B4 Haugen kan setjast på vent til ein eventuell framtidig planrevisjon. Dessutan er bustadfeltet i Marifjøra eit viktig supplement, der det er lagt til rette for ein bustader med større tomter. **Vi fremjar motsegn mot det føreslegne bustadområdet B4 Haugen.** Vi oppmodar kommunen om å leggje til rette for endå tettare utbygging av bustadområda som ligg inne i gjeldande planar.

Kommentar:

Hytteområde

I Engjadalen i Gaupne er det på to stadar (**H3 Brunestegen og H4 Vassvollane**) sett av areal til hyttebygging på areal klassifisert som dyrka jord og innmarksbeite. Den føreslegne arealbruken er i strid med jordvernstrategien for fylket. Vi merkar oss at det er i gjeldande plan er sett av eit hytteområde ved Vassvollane, og etter vårt syn er det naturleg å styre hyttebygging dit. **Deira landbruksfaglege råd er at begge dei aktuelle hytteområda H3 og H4 vert tekne ut av planen.**

Kommentar: Sjå over: samla vurderingar for Engjadalsområdet. Rådmannen legg til grunn at hyttebygging i Engjadalsområdet skjer i samsvar med plan.

Hyrnavollen

Dei rår til å plassere byggjeområdet heilt i utkanten av jordbruksarealet og nærmast mogleg parkeringsplassen for å spare dyrka jord.

Kommentar: Teke til orientering

Småbåthamn i Solvorn

Sjølv om alternativ Neset ligg utanom dei definerte kjerneområda for landbruk i Solvorn, vil etablering av ei småbåthamn her vere uheldig for landbruket. Primært rår vi i frå etablering av småbåthamn etter alternativ 1, Neset.

Alternativ 2, Habn,

Vi kan ikkje sjå at det knyter seg så store samfunnsinteresser til etablering av ei småbåthamn i Solvorn at landbruksinteressene og jordvernet må vike. Vi meiner at plassering av småbåthamn i Habn er svært uheldig for landbruket, og vi fremjar difor motsegn mot dette alternativet.

Deira råd er å utgreie alternativet med småbåthamn i Mosavika, og at ein på nytt vurderer å plassere ei ny småbåthamn her.

Kommentar: Kommuneplannemnda har trekt ut Habn som aktuelt område for småbåthamn. Sia det er omregulering er det ikkje motsegnsgrunnlag før arbeidet med reguleringsplan startar.

Planjuridiske merknader for å ivareta sektorinteresser

Vi vil klart rå til å vurdere om det innanfor dei områda som er sette av som byggjeområde for hytter eller LNF-områda for spreidd hyttebygging bør stillast krav i føresegnene til ein lågare maksstorleik på hyttene enn 110 m². Dette vil m.a. gi klare føringar for seinare utarbeiding av reguleringsplanar i desse områda.

Det er i planframlegget lagt inn tre LNF-område for spreidd hyttebygging. Ut frå konsekvensutgreiinga går det fram at det vert opna for bygging av tre hytter innanfor kvart av områda. **Omfanget av hyttebygginga i desse områda er derimot ikkje teke inn i føresegnene.** Det følgjer av pbl. § 11-11. nr. 2 at omfanget/tal bygningar må vere fastsett i føresegnene når ein legg ut LNF-område for spreidd bustad-, fritids- eller næringsutbygging. **Vi føreset at det vert teke inn krav til maks tal hytter i LNF-områda for spreidd hyttebygging i samsvar med tilrådingane i konsekvensutgreiinga, dvs. inntil tre hytter i kvart av dei tre områda.**

Kommentar: maks tal hytter er lagt inn i føresegnene. Når det gjeld storleiken på hytter er dette i samsvar med det som i dag vert rekna som «normalstorleik».

Pkt. 12.4.3 Bygningar i stølsområde

Av føresegnene pkt. 12.4.3 går det fram at oppføring av stølsbus kan berre tillatast på/i tilknytning til etablerte stølar og i samband med landbruksnæring.

Av føresegnene som gjeld for bygningar i stølsområde (pkt. 12.4.3) går det fram at største byggegrunnflate for einskildbygg skal vere 50 m², og største gavlbreidde er fem meter. Det står også at eventuelle produksjonsbygg kan vere større. Vi vil tru at storleiken og utforminga på bygningane i dei ulike stølsområde i kommunen varierer ein god del. Nokre stølsområde er truleg til ein viss grad hyttifiserte, mens andre stølsområde har eit meir tradisjonelt preg med små sel.

Det er etter det vi forstår ikkje presisert kva for stølsområde som er omfatta av føresegnene i pkt. 12.4.3, og føresegnene vil såleis gjelde for alle område som kan definierast som eit stølsområde.

Vi oppmodar kommunen om å vurdere behovet for å vise, eller på anna måte presisere, kva for stølsområda der det er aktuelt med vidare bygging av sel i kommunen, og som føresegnene i pkt. 12.4.3 skal gjelde for.

Kommentar: I «Stølsbok for Luster» er det registrert om lag 350 større/mindre stølar. Kommunen kan ikkje fylgja opp fylkesmannen sitt ynskje. I kulturminneplanen vert nokre stølsområde peika ut som viktige.

Det å generelt opne for å bygge stølshus/sel knytt til landbruksnæring "på/i tilknytning til etablerte stølar", som kan ha BYA på 50 m2, gjev slik vi ser det ikkje noko god styring på bygginga i stølsområda i kommunen. Sel på 50 m2 ligg godt over det som kan seiast å vere tradisjonell storleik på sel nytta i samband med landbruk (t.d. i samband med tilsyn og sanking av sau på utmarksbeite). **Vi ser det som klart uheldig å opne for så store sel, spesielt i dei stølsområda som har små sel med tradisjonell utforming.** Det å opne for bygging av sel på 50 m2 kan føre til ei "hyttifisering" av slike stølsområde. **Fylkesmannen vil understreke at det er ein streng definisjon når det gjeld kva som kan reknast som bygg som er nødvendige for landbruk.**

Vi krev (motsegn) at storleiken på stølshus i føresegnene pkt. 12.4.3 må reduserast.

Kommentar: Føresegner for bygningar i stølsområde vart fastsett i KPA i 2015. Fylkesmannen hadde ikkje då merknader til dette.

Byggjegrænse langs fjorden

Under pkt. 14.7 i føresegnene er det fastsett byggjegrænser langs fjorden. Her står det m.a. følgjande: "Langs fjorden gjeld 100-metersregelen, med unntak av tiltak på oversida av fylkesvegen". Dette kan tolkast som ei generell føresegn, som også gjeld i LNF-områda. Ei slik oppheving av 100-metersregelen kan berre skje på grunnlag av konkrete vurderingar der det m.a. er lagt vekt på å ivareta omsyna som ligg til grunn for strandvernet (landskap, naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv/allmenn ferdsel). Dette er etter det vi kjenner til ikkje gjort i planarbeidet. **Vi vil generelt klart rå frå å setje ei byggjegrænse i LNF-område, som vil oppheve tiltaksforbodet i pbl. § 1-8, der grensa vert sett nærare sjøen enn 100 meter.** Utgangspunktet i LNF-område er jo at det ikkje skal byggjast ut over tiltak som ligg innanfor LNF-formålet.

Viss fylkesvegen i eit område t.d. går 20 meter frå strandkanten, vil ein dispensasjonssøknad om frådelling av ei hyttetomt 20-25 meter frå sjøen krevje dispensasjon frå LNF-formålet, men ikkje frå pbl. § 1-8. **Vi meiner at å setje byggjegrænse langs fylkesvegen ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar omsyna bak strandsonevernet.**

Vi føreset at dette skal vere å sjå på som ei retningslinje, og legg til grunn at det vert tydelegare presisert i føresegnene og retningslinjene i planframlegget.

Det går vidare fram av pkt. 14.7 i føresegnene at det er lagt inn ny byggjegrænse mot fjorden der det er reguleringsplan, med unntak for Solvorn. Vi kan ikkje klart sjå kor byggjegrænsene i område med reguleringsplan/plankrav er trekte i plankartet, så vi har ikkje sett på dette. Når det gjeld byggjegrænser innanfor avsette byggeområde med plankrav, tilrår vi at byggjegrænse vert vurdert og fastsette i samband med reguleringsplanarbeid/ending av reguleringsplan. **Viss kommunen ikkje har gjort ei konkret vurdering av kor byggjegrænse innanfor byggeområda skal liggje i kommuneplanarbeidet, med vekt på omsyna som ligg bak strandsonevernet, er det ikkje høve til å fastsetje byggjegrænse i kommuneplanen.**

Kommentar:

Byggjegrænse det er vist til er retningsgjevande

I regulerte område der det ikkje er fastsett byggjegrænse mot sjø – vert det i plankartet lagt inn byggjegrænse

Merknader knytt til samfunnstryggleik og beredskap

Vi tilrår at det vert lagt inn eit byggjeforbod i omsynssona, slik at føresegna vert endra til: « *Fare for eksplosjon. Det er ikkje lov å gjennomføre tiltak i faresona.*»

Kommentar: Gjeld eit konkret område og

I føresegna *Samfunnstryggleik. Risiko og sårbarheit (ROS)* står det at i plan- og byggesaker skal ROS-analyse brukast for å avklare om arealet er eigna til utbyggingsføremål. Det står òg at ROS-analysar skal avklare om planlagt bruk er forsvarleg (a) og at analysar skal ta høgde for fylgjer av framtidige klimaendringar og forventna havnivåstiging (b). Vidare står det at det skal gjerast ROS-analyse for alle nye tiltak som fell under eit utval av forutsetningar. Det kan med fordel gå tydeligare fram at dette punktet er meint som ei tydeleggjering av kva tilfelle som det, i tillegg til vanlege utbyggingssaker, må gjennomførast ROS-analyse for.

Vurdering:

Naturmangfald:

Jfr naturmangfaldslova § 7 er verknadane for naturmangfald vurdert etter §§ 8-12. Det eksisterande kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å være tilfredsstillande jfr. kriteria etter lova basert på tidlegare registreringar (og konsekvensutgreiingar i overordna plan). Det vert vurdert slik at tiltaket ikkje vil føra til risiko for skade på naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunnlaget for å vurdere prinsippa i offentlege avgjersler etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12 synes difor å vera ivareteke tilstrekkeleg.

Naturmangfaldslova §49.(utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde) Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.

NVE

Motsegn (jf. PBL §5-4): Grunnlaget for motsegna er at naturfare ikkje er tilstrekkeleg vurdert og innarbeidd i planen.

Planen tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til verna vassdrag og vassdrags- og energianlegg i plandokumenta. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging».

Plankartet som er tilgjengeleg for vurdering i samband med offentleg ettersyn ligg på nettsida kommunekart.no. Dette er ei god løysing for lese planen og gir høve til å slå på og av ulike temakart. Kartet følgjer ikkje gjeldande teiknereglar og manglar f. eks. teiknforklaring. Det kan såleis ikkje reknast som juridisk bindande. NVE føreset at plankartet vert endeleg produsert etter gjeldande reglar og på anna format. Våre merknader til planframlegget er basert på den informasjonen som vi har funne i tilsende dokument og informasjon som vi finn på kommunen si nettside.

Naturfare

I framlegg til plankart som ligg i nettlenka, er det etablert temakart for flaumfare basert på flaumsonekartleggingar langs Jostedøla (3 delområde). NVE føreset at flaumsoner frå desse kartleggingane vert innarbeidd i plankartet med omsynssone flaumfare (H320) og tilhøyrande føresegn.

Data frå flaumsonekartleggingane er tilgjengeleg for å laste ned i NVE sine karttenester, men vi reknar med at kommunen har desse data sidan det er etablert temakart. I flaumsonekarta er det ikkje tatt høgde for forventa klimaendringar, og kommunen må enten i plankartet eller føresegnene ta høgde for forventa klimaendringar, jf. informasjon som er tilgjengeleg i Klimaprofil Sogn og Fjordane utarbeidd av Norsk klimaservicesenter.

NVE har motsegn til planframlegget til kartlagt fare for flaum er regulert inn i plankartet som omsynssone flaumfare (H320) med tilhøyrande føresegn som set krav i samsvar med tryggleikskrava i Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-2.

Luster kommune har også mykje areal langs vatn og vassdrag der det ikkje er gjort flaumsonekartlegging. Til arealføremålet «Bruk og vern av sjø og vassdrag» er det i føresegnene § 12.5.1 fastsett byggegrense på 30 m langs eit utval vassdrag. I planomtalen er det same føremålet omtala i kapittel 11.5 utan at vi kan sjå kva vurdering som ligg til grunn for byggegrensa langs vassdraga, og vi veit såleis ikkje om det er av omsyn til flaumfare eller vassdragsmiljøet det er føreslege ei slik grense. I NVE sitt innspel til planarbeidet viste vi til råda i rettleiar 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar; Ei byggegrense på minst 20 m frå bekker med mindre nedslagsfelt enn 20 km² og 50 – 100 m frå elvar vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg til å unngå fare for flaum. Vi meiner difor at kommunen må gjere eit grundigare arbeid med vurdering av fare for flaum og erosjon langs bekkar og vassdrag.

Byggegrensa kan enten visast i plankartet eller som ei generell føresegn. NVE har motsegn til planen til fare for flaum og erosjon er vurdert for større delar av vassdraga i kommunen. Det må etablerast byggegrenser basert på vurderingane som vert gjort eller basert på generelle råd i NVE sine rettleiarar. Val av løysing må grunngjevast.

I kartløyisinga på kommunekart.no er det også etablert temakart for rasfare (skredfarekartlegging i bratt terreng, NVE rapport 32/15), aktsemdskart for snøskred og steinsprang (NGI) og aktsemdskart for jord og flaumskred. Slik vi les framlegg til føresegnar § 12.6.1 skal det etablerast omsynssone skredfare (H310) basert på desse kartleggingane. Det vil vere ei løysing som er i samsvar med våre råd, men vi rår til å differensiere omsynssona (H310_1, H310_2) med nummerering for å skilje mellom faresonekarta og aktsemdskarta. I tilhøyrande føresegnar må det kome fram kva kartlegging dei ulike sonene representerer, og for områda der reell fare er kartlagt må føresegnene setje krav i samsvar med tryggleikskrava i (TEK17) § 7-3. Kommunen kan også velje å regulere alle kartleggingane i ei omsynssone, men vi meiner det vil gi eit plankart som er vanskelegare å lese.

Fare for flaum og skred er eit av kriteria som nye utbyggingsområde er vurdert etter. Fleire av områda ligg i område med potensiell fare, noko som synleggjer at kommunen må vere presis i dei juridisk bindande dokumenta (plankart og føresegnar) om kva utgreiinga som må gjerast før utbygging.

På generelt grunnlag rår vi kommunen frå å legge til rette for ny utbygging i område utsett for fare, og særskilt i område som er kartlagt med reell fare. For to nye utbyggingsområda for bustad i Gaupne er det kartlagt flaumfare, jf. Delprosjekt Gaupne 2/2001, og i konsekvensutgreiinga er det vist til flaumfare med gjentaksintervall på 1/20. NVE stiller spørsmål ved om slik utbygging er tilstrekkeleg vurdert i høve til forventa klimaendringar, og om planen på ein god nok måte sikrar at tryggleikskrava i TEK17 er stetta. I flaumsonekarta er områda definert som lågpunkt bak elveforbygginga ved ein 200-års flaum, og vi kan ikkje sjå at det er vurdert konsekvensar av meir utbygging eller sett særskilde krav til tiltak i området. NVE rår sterkt til at kommunen vurderer nye bustadareal i flaumsone med omsyn til forventa klimaendringar, og kva konsekvensar meir utbygging vil ha i flaumsituasjonar. Gjeld også Bruflat, og dette tek me ved oppstart av reguleringsplan. Bruflat skal ikkje ha KU.

I føresegnene § 14.4 er det slik vi les planen føreslege generelle krav til samfunnstryggleik og ROS. Dersom plandokumenta vert endra i samsvar med våre merknader til flaum og skred, vil dei aktuelle omsynssonene med tilhøyrande føresegnar gjere delar av denne føresegna overflødig. For havnivåstigning, potensielle for marin leire (kvikkleire) og generelle avstandskrav langs vassdrag med

omsyn til flaumfare, ser vi at ei slik føresegn kan vere nyttig. For dei typar naturfare som er vist med omsynssone og tilhøyrande føresegn, meiner vi tryggleiken vert teke i vare med referanse til tryggleikskrava i TEK17.

Vassdrag

Verna vassdrag Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse.

Det må leggest opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I planen sin tekst del skal det gå fram korleis dei rikspolitiske retningslinene er følgd opp i planen. Det kan gjerast med omsynssone i plankartet og tilhøyrande føresegner, eller føresegner som viser til vassdraget sin status.

NVE rår sterkt til at alle vassdrag med årssikker vassføring vert merka tydeleg med «Bruk og vern av sjø og vassdrag» i plankartet, jf. Vassressurslova § 2. Vi meiner planframlegget har utelate for mange vassdrag med tilrådd arealføremål, og grunngeving for kvifor det er gjort eit utval.

Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt gjeld at utbygging tett inn til vassdrag bør unngåast. Kommunen bør vurdere å innføre eit byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. For å ta i vare vassdragsmiljø og allmenne interesser i vassdrag er det oftast naudsynt å sette byggegrenser i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleikssyn.

Vassdrags-og energianlegg

Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner som bandlagde område (PBL § 11-8 d) i plankartet. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL § 11-7 nr. 2.

Reguleringsmagasin:

Bør markerast i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket (utan tidsavgrensing), med føremål «Reguleringsmagasin» (PBL § 11-8 d).

Kommentar: rådmannen har gått gjennom merknadane og gjort endringar i samsvar med overordna føringar og råd.